

Jonny Vang

Filmmanus av
Ståle Stein Berg

Versjon: 08. april 02

Maipo film-& TV produksjon
Postboks 275
1319 Bekkestua
maipo@maipo.no

PROLOG

TEKST PÅ SVART.

Denne historia er bygd på faktiske hendingar, som alle tok stad på slutten av forrige århundre.

Rollene i forteljinga er likevel ikkje portrett av verkelege personar, og alle likskapar med folk vi kjenner, levande eller døde, er tilfeldig.

OVERTONING TIL:

EXT. UNIVERSET -- DAG

FORTEKSTAR:

Jordkloda, i form av ein gammal globus med ei svak lyspære inni, snurrar rundt, omgitt av mørkre.

JONNY (V.O.)

På små stader må ein ta til takke med det som byr seg, enten ein likar det eller ikkje. Antal mulige val er begrensa.

EXT. HYTTE -- DAG

Ein varm sommardag.

Ei jente(10) står bunde til ein trelegg. Kleda hennar antydar at det er tidleg på åttitalet. I tillegg indianereffektar; eit frynseskjørt og fjør i håret.

Frå småskogen rundt kjem skingrande indianerhyl.

JONNY (V.O.)

Derfor trur mange at livet på små stader er mindre komplisert enn på større stader. Det er feil. Ein må uansett velge.

To gutar, også "små indianarar", ein kraftig, den andre meir spinkel, kjem for å befri jenta.

Dei jagar fiktive bleikansikt før dei tek til småkrangle seg i mellom om å befri den fastbundne "squaw".

JONNY (V.O.)

Dessutan er ikkje livet komplisert. Det er komplekst, men ikkje komplisert. Menneskenaturen enkel. Det gjeld berre å ha rette kjensla. Intuisjon.

Ungane samlar seg no rundt eit bål framfor ei hytte, tydleg bygd av barnehender, likevel solid og forseggjort. Skikkeleg handverk.

Ei heimelaga fredspipe, med strå og gras som tobakk, går på rundgang. Det svir i auge og nase på indianarane, men det røykest iherdig.

JONNY (V.O.)

Likevel opplever ein alltid at det ballar på seg. At det tjuknar til og du ikkje veit kva ende du skal nøste i.

Den spinkle av gutane sit no med ein stor kniv i handa. Han ser bort når han klemmer tommelen mot eggen så litt blod piplar fram.

Jenta er tøffare; eit kjapt snitt med kirurgisk presisjon.

Den kraftige av gutane vil også vere tøff. Det ender ille; han skjer seg skikkeleg, frå tommelen og godt ned på handbaken.

Det blir forvirring mellom ungane.

Den spinkle svimar nesten av, men jenta klapsar han i ansiktet slik at han er medveten nok til at tomlane kan møttest og forsegle blodseiden.

Blodet frå den kraftige renn i strie straumar og sølar det heile kraftig til.

Den spinkle segnar til slutt om og må takke for seg. Jenta og den kraftige tek til å slepe han bort mellom seg.

JONNY (V.O.)

Det er i slike situasjonar ein tek til å sjå fram mot den dagen alt skal ordne seg. Men den dagen kjem aldri. Fordi tankane er langt der framme, gløymer ein dei viktige tinga som må løysast her og no.

Hytta og omgjevnadene endrar no karakter.

Det gror til rundt bygget, hytta forfell ein smule, målinga flassar av og graset rundt gror til:

Vi er i notid.

Innanfrå hytta høyrer lyd av nokon som ligg saman; sengeknirk og sporadiske stønn. Eit av vindauga står på gløtt og lar sommarbrisen leike med ei falma gardin.

No og då kan ein skimte litt av kroppane til dei elskande på senga.

JONNY (V.O.)

Sjå berre på dette. Her ligg eg og har sex med kona til bestekompisen min medan eg tenker på dagen langt der framme. Ser fram til tida der alt har ordna seg. Til og med eg skjønner at utgangspunktet er dårleg. Men ein må hugse på at ting kan bli betre sjølv om dei ikkje blir som forventa.

Samleiet tiltek i intensitet før det ebbar ut; klimaks.

JONNY (V.O.)

Ingenting blir som forventa. Og alt er ikkje som ein trur. Det er det denne forteljinga handlar om.

SLUTT PÅ FORTEKSTAR

TITTEL: "JONNY VANG"

INT. HYTTA -- DAG

JONNY og TUVÅ (begge ca30), ligg side om side på ei smal seng og ser i taket medan dei røyker.

Inventaret ber preg av at hytta ikkje er i regelmessig bruk lengre; gamle Sølvpilen-blad, nedstøva skrot og spindellev.

Tuva tek til å kle på seg for å gå.

JONNY

Kan du ikkje bli her litt?

TUVA

Har ikkje tid. Må heim til Gunnar. Magnus dreg vel snart.

Jonny reiser seg fort opp i senga.

JONNY

Har han ikkje reist på anlegget enno?

TUVA

Trur ikkje det.

JONNY

Og så er du her?

TUVA

Ja?

JONNY

Vi kunne godt venta til han hadde reist.

TUVA

Koffor det? Eg orka ikkje vere der lengre. Han er heilt borte. Blir berre fjernare og fjernare. Eg synest du skulle ta ein prat med han.

JONNY

Skal eg prate med han? Det er din mann.

TUVA

Det er din kamerat.

EXT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- DAG

På trappa tek MAGNUS(30), grovmeisla og traust, farvel med GUNNAR(10), som sit og spelar gameboy.

Avskjeden er avmålt. Magnus forsøker å omfavne sonen sin, men Gunnar vik unna. Magnus gir seg ikkje, følger etter til Gunnar skyv han frå seg.

Magnus må nøye seg med å rufse Gunnar i håret. Gunnar går vekk.

Magnus står litt, vurderer om han skal følge etter sonen, før han snur og slenger bagen og ein anleggshjelm i bilen.

EXT. HYTTA -- DAG

Tuva kler på seg siste plagget på veg ut av hytta før ho tek til å gå heimover.

Jonny dukkar opp i døra bak henne. Han røyker framleis.

Brått bestemmer han seg for å følge etter Tuva. Han knipsar frå seg røyksneipen og spring etter henne.

Røyken blir liggande og ulme litt i graset; svir av ein svart ring der han landar.

Jonny tek Tuva på skuldra for å få henne til å gå saktare når han når henne att.

Tuva sakkar ikkje på farten. Tvert i mot. Jonny heng seg på.

JONNY

Tuva. Vent litt, eg må snakke med deg.

EXT. LENSMAANSHUSET -- DAG

Magnus kjører langs bygdevegen. Han passerer eit toetasjes hus i ein sving.

Eit skilt som det står "politi" på, avslører at det er lensmannskontor i første, leilighet i andre.

LENSMANNEN(60) snekrar på huset sitt; han ballanserer på toppen av ein provisorisk stilase.

Med den butte enden på ei øks, forsøker han å hamre laus ein grov bjelke. Øksa vinglar, for han strekkjer seg så han ikkje får kraft i slaga.

Han blir distraherert i arbeidet av bilen til Magnus som durar forbi.

Han tek seg tid til å tørke sveitten medan han ser etter om bilen klarar svingen like bortanfor.

Rett etter at bilen har runda svingen, kjem Jonny syklande langs ein humpete stikkveg, med Tuva bakpå. Dei peilar seg inn på bygdevegen og legg kursen mot sentrum.

EXT. SENTRUM -- DAG

Jonny og Tuva sykklar gjennom sentrumsgata.

Jonny sakkar farten, ettersom dei nermar seg huset der Magnus og Gunnar nett tok farvel.

JONNY

Eg har tenkt litt i det siste. No skal eg overta garden snart, mor og Odvar skal flytte ut i det jævla kårhuset og...kva skal eg med eit heilt hus berre for meg sjølv? Eller garden for den del.

TUVA

Kva er det du prøvar å seie?

Jonny stoppar framfor huset. Tuva stig av.

JONNY

Tuva...eg vil at du skal flytte heim til meg.

Tuva ler, trur Jonny tullar, men ho blir stille når ho ser at han meiner alvor.

TUVA

Du tullar, no, sant?

Jonny ristar på hovudet.

TUVA

Har du gløymt at eg er gift og har barn?

JONNY

Nei. Men Magnus passar ikkje akkurat etter sine ekteskapelege plikter for tida, gjer han det?

TUVA

Kva veit du om ekteskapelege plikter?

JONNY

Ein del. Han er jo borte i månadsvis, og når han er heimom ein snartur, er han såvidt tilsnakkandes.

Dei har kommi fram til Tuva og Magnus` hus.

JONNY

Kvifor ligg vi saman då?

TUVA

For sexen. Trudde du som mann forsto slikt.

JONNY

Og det er alt?

INT. BIL -- DAG

Bilen kjører langs ein veg som snirklar seg opp mot tregrensa.

Magnus ser stivt framfor seg medan han kjører. Han tygg på kjevane, tenker. Samtala mellom Jonny og Tuva held fram.

TUVA (OFF)

Er du glad i meg, då, Jonny?

JONNY (OFF)

Sjølvsagt er eg det. Er ikkje du glad i meg?

TUVA (OFF)

Jo. Men eg er glad i Magnus og.

JONNY (OFF)

Det er vel eg og det, men...

EXT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- DAG

TUVA

Der ser du. Det er ikkje så lett. Dessutan er du for flyktig.

JONNY

Flyktig?

TUVA

Det er vel ingen hemmelighet. Du er ein rotekopp. Eg er mor. Eg likar ordna forhold.

JONNY

Så i mellomtida berre knullar du meg til det dukkar opp noko betre, er det slik?

Tuva ler såvidt.

TUVA

No høyrest du ut som ei kjerring.

Jonny blir sur og tek til å gå sin veg.

JONNY

Og du er ei kjærring!

INT. BIL -- ETTERMIDDAG

Magnus har det same stive blikket og dei tyggande kjevane.

Med eitt bremsar han opp bilen.

EXT. FJELLOVERGANG -- ETTERMIDDAG

Bilen til Magnus kjører inn på ei veglomme. Vegen skjer seg gjennom karrig fjellandskap.

Lenger framme svingar vegen seg ned mot låglandet.

Magnus stig ut av bilen, blir ståande litt og henge på døra.

Han kikkar langs vegen i begge retningar; går rundt seg sjølv som om han står ved eit vegkryss og ikkje får bestemt seg for kva retning han skal velge.

Til slutt set han seg i bilen att, snur og kjører attende same vegen han kom.

INT. KIOSK -- DAG

PAUL(35), ein reveaktig luring i oljete kjeledress, står ved ei av hyllene i kiosken og registrerer varer som må etterfyllast.

BRITA(45), litt falma skjønnhet, men med utstrålinga i behald, knip ei pakke bind frå hylla og slenger den på disken saman med ei røykpakke.

Bak disken står FRODE(35), ein omfattande fyr med litt enkel framtoning.

Brita knip eit sukkertøy frå ein boks på disken, puttar det i munnen på Frode og blunkar til han.

BRITA

Set det på lappen.

Frode smiler, dukkar ned bak disken og kjem opp att med ei bok like tjukk som bibelen.

Brita tek varene og smett ut døra.

Ho hoppar inn i ein liten Honda Civic som står og putrar utanfor. Det bråkar kraftig når ho tek i gang; fri eksos.

EXT. LENSMANNSHUSET -- DAG

Lensmannen blir igjen forstyrra i arbeidet på huset sitt når den vesle hondaen til Brita rasar forbi med klampen i bann.

Bilen bråkar så det nesten ristar i stilasen lensmannen står på.

Han følger med om ho greier svingen bortanfor.

Det kvin i dekk, men det går bra.

EXT. SMÅBRUK -- ETTERMIDDAG

Småbruket er i skral forfatning; tunet er rotete, husa treng maling.

Det er to bustadhus på bruket, eit stort hovedhus og eit mindre kårhus, som nokon har teke til å fikse litt på; utanfor ligg glava og byggematerialer.

I ei innhegning mellom to skeive stolphus, går nokre koppelam og brekar.

Bak fjøset er det andre forhold.

I motsetning til oppe i tunet, herskar her orden og planmessighet.

Her står nymåla kompostkasser på rad og rekke. Eit nybygd leskur gir tak til små og store transport-kasser og diverse redskap; eit lite industriallegg.

Jonny er i full sving med å sortere kompost. Han er litt for fint kledd til å rote i jorda, men ser likevel dreven ut.

Jonny arbeider konsentrert og effektivt; sorterer komposten rutinert.

ODVAR (OFF)

Og dette meiner du at du skal tene pengar på?

På sidelinja står ODVAR(50), i kjeledress frå felleskjøpet og briller tjukke som colabotnar. Han held ei gardinstang i handa.

Jonny ignorerer Odvar, grev handa djupt ned i ei av kassene og kjem opp att med neven full av velfødd meitemark.

Odvar kjem bort og studerer makken.

Jonny lar jord og makk smuldre ut mellom fingrane medan han snusar inn lukta av fuktig jord; virkar tilfreds.

ODVAR

Noko til arbeid å stå og plukke i denne skiten her.

JONNY

Eg skal ikkje plukke. Dette er industri. Det kjem ei sorterings-maskin om nokre dagar. Då skal du sjå.

Lyden av Britas bil nermar seg.

Ho svingar opp i tunet og bilen stoppar med eit kraftig smell.

Brita tittar snart fram rundt hjørnet på fjøset. Over armen har ho ymse gardinstoff.

BRITA

Odvar? Kjem du op i kårhuset og kikkar på gardinene.

Ho ventar ikkje på svar, legg berre kursen mot huset som er under oppussing.

Jonny flirer. Det gjer Odvar også, men han luntar etter med gardinstanga.

Jonny tek opp att arbeidet. Han ryddar.

Før han skal rydde bort kompostbøttene, oppdagar han ein makk som har forvilla seg ut av kassa si; han tråkkar nesten på stakkaren.

Med varsom hand hjelper Jonny makken attende der han høyrer heime; dyttar forsiktig litt jord over.

Jonny skal akkurat til å trekke eit tilfreds sukk når han blir slått i bakhovudet av ein spade så det syng i metallet.

Jonny visnar i beina. Han strevar med å halde seg på føtene medan han forsøker å sjå kva det var som traff han.

Nok eit slag av spaden får han ned i kne.

Jonny hevar armene for å verne seg mot slaga, men spaden treff ei gong til, og no har Jonny fått nok.

Det svartnar heilt for Jonny i same augneblunk som spaden han vart slått ned med landar framfor han.

INT. SMÅBRUK -- ETTERMIDDAG

Brita og Odvar er på kjøkkenet, midt i ein heftig diskusjon, som nok har pågått ei stund.

Odvar står med hovudet inn i eit tomt kjøleskåp.

Brita røyker som ein skorstein medan ho ser ut av kjøkkenvindaugget.

Ei grå tåke fyller kjøkkenet.

ODVAR

Vi kan i grunn berre selge heile kjøleskåpet. Det står jo tomt like vel.

BRITA

Jada, jada, jada. Kan du slutte å gnåle om det jævla kjøleskåpet snart?

ODVAR

Nei. Eg er så pisse lei av å måtte mase om kvar jævla vesle ting her i huset.

BRITA

Ting tar tid, har eg jo sagt. Dessutan var det salg. Det er vel andre her i huset som kan ta i eit tak.

ODVAR

Ja. Kva med deg?

BRITA

Om det er hushjelp du vil ha, er du komen på feil plass.

ODVAR

Takk, det har eg funne ut for lengst.

Jonny stablar seg inn kjøkkendøra. Han er blodig i ansiktet og ser ganske groggy ut.

Odvar ser ikkje gjennom tobakksrøyken, og Brita er oppteken med å vere sur; tittar ut vindaugget.

Jonny slit med å halde ballansen. Han blir brått kvalm, og styrtar til utslagsvasken og spyr.

BRITA

Nei no får det jammen meg vere nok her
altså.

Ho reiser seg for å gå, men stivnar med eit skrik når Jonny snur seg og ho oppdagar koss han ser ut.

Jonny forsøker å rette seg opp og skal til å forklare, men han blir matt i blikket og segnar om på kjøkkengolvet.

INT. VENTEROM -- ETTERMIDDAG

Jonny sit i ein stol med ei provisorisk forbinding rundt skallen.

Framfor han går Lensmannen kvilelaust omkring og klemmer eit kompress mot eit stort sår på underarmen.

Begge ser ut til å ha vondt.

Brita fotfølger Lensmannen, tydleg opprømt.

BRITA

Kva meiner du med at det finst verre
ting i livet enn eit kakk i skallen?

LENSMANN

Akkurat som eg sa. Det finst verre ting
her i livet enn eit kakk i skallen.

BRITA

Som å hogge seg i armen?

LENSMANN

Kanskje.

BRITA

Men det har du klart på eiga hand.
Dette er blind vald!

LENSMANN

Det er ikkje sikkert. Kanskje det er
nøye planlagt.

Brita slår ut med armane.

BRITA

Nettop. Då er det jobben din å finne ut
kven av dei det er.

Lensmannen ristar på hovudet.

LENSMANN

Eg har hogd meg i armen. Lovens lange
arm skal bandasjerast og kanskje få
stivkrampesprøyte. Eg kjem sikkert til
å bli sjukemeldt.

Døra inn til doktorens kontor går opp, og AMUNDSEN (snart
60), kjem ut. han minner litt om ein engelsk godsherre;
pondus og autoritet.

Det blir stille i på venterommet. Amundsen nikkar til dei
andre, tek seg til ein bitteliten plasterlapp i panna før
han smett ut.

Jonny blir kalla inn til doktoren.

INT. LEGEKONTORET -- ETTERMIDDAG

Doktoren, ein ung, strigla turnuskandidat frå byen, prøver
å lyse på augene til Jonny med ei lommelykt, men pæra ser
ut til å vere gåen.

Han gir opp og legg frå seg lykta.

DOKTOREN

Du har i hvertfall hjernerystelse.
Hvordan har dette gått til, egentlig?

JONNY

Arbeidsulykke.

Doktoren ser granskande på Jonny, som ikkje syner teikn til
å spøke.

DOKTOREN

Jøss...Du får ta det med ro et par dager. Ikke anstreng deg.

Doktoren tek til å bandasjere hovudet til Jonny.

DOKTOREN

Si meg. Er det like stor trafikk her hver kveld, eller har jeg bare valgt feil dag å begynne på?

JONNY

Viss det er opp til meg, skal ikkje du bli arbeidslaus dei første dagane.

EXT. SENTRUMSGATE -- ETTERMIDDAG

Jonny passerer kiosken til Paul og Frode, som er plassert saman med ein verkstedhall. Utanfor står bilar av ymse kvalitet.

Paul og Frode heng utanfor og røyker når Jonny går forbi.

Hovudet til Jonny er bandasjert så omfattande at det nesten ser ut som han går med turban.

Paul ropar til Jonny.

PAUL

Har du slått deg, Jonny?

Jonny stoppar og snur seg mot karane. Han har ei rynke mellom augene når han ser på dei.

Han går eit par steg nermare, men ombestemmer seg; snur og går vidare.

EXT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- ETTERMIDDAG

Jonny tenker seg om eit sekund før han bankar på og opnar døra til Tuva og Magnus hus.

Han skvett til når Magnus er den første han ser innanfor døra. Han står og tek av seg skoa sine.

Magnus virkar ikkje overraska over å sjå Jonny.

MAGNUS

Jøss. Kva er det som har skjedd med deg? Har du slått deg?

Jonny summer seg; mørknar i blikket og festar augene på Magnus.

JONNY

Skulle ikkje du vore på anlegget no?

MAGNUS

Jo. Men eg har slutta.

INT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- KVELD

Jonny let att døra bak seg.

JONNY

Ok. Du har slutta, ja. På anlegget. Så du har ikkje vori borte i dag du altså. Vori her heile tida?

Magnus forstår ikkje kva Jonny siktar til.

JONNY

Kvifor ser du så overraska ut?

Magnus berre dreg på skuldrane. Smilar. Framleis overraska over Jonnys aggressive tone.

JONNY

Dette var modig gjort, må eg seie.

Magnus ler.

MAGNUS

Køddar du eller?

JONNY

Nei.

MAGNUS

Kvifor skulle eg ha gjort dette?

Tuva kjem inn, berande på ei isoporkasse merka med "forsiktig - levende dyr".

Ho stivnar litt av å sjå Jonny og Magnus. Ser først på Magnus.

TUVA

Kva gjer du her?

Vender blikket mot Jonny.

TUVA

Kva er det som har skjedd med deg?

MAGNUS

Han påstår at det er eg som har gjort det.

Tuva ler.

TUVA

Kva får deg til å tru det?

JONNY

Er det du, då, kanskje?

TUVA

Eg? Kom inn litt, da, Jonny. Forklar kva som har skjedd.

INT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- KVELD

Jonny blir ståande midt på stovegolvet. Veit ikkje heilt kvar han skal gjere av seg.

Tuva stussar framleis over Magnus` heimkomst.

TUVA

Skal du ikkje på jobb likevel?

MAGNUS

Eg har slutta.

Tuva granskar Magnus. Han vik unna.

MAGNUS

Vil de ha kaffi?

Tuva set seg attmed Jonny i sofaen og pirkar litt på bandasjen.

TUVA

Kva er dette? Kva er det som foregår her no?

JONNY

Eg har blitt slått ned.

Magnus romestrerer i skuffar og skåp inne på kjøkkenet.

MAGNUS (OFF)

Kva er kaffien, Tuva...der, ja. Har vi meir ein annan plass, det er nesten tomt.

Magnus returnerer frå kjøkkenet, like uanfekta.

MAGNUS

Vi må kjøpe meir kaffi. Det er snart tomt.

Han set seg i sofaen saman med Jonny og Tuva.

Det er stille mellom dei lenge. Ingen ser på kvarandre.

Døra inn til Gunnars soverom går opp, og Gunnar kjem tuslande inn i stova.

Han stussar over å sjå dei tre vaksne i sofaen.

MAGNUS

Hei, Gunnar.

TUVA

Kva skal du?

GUNNAR

På do.

Gunnar går sakte mot badet.

Inne på kjøkkenet tek kaffikjelen så smått til å plystre. Tuva ser på Magnus.

TUVA

Når bestemte du deg for å slutte?

Magnus seier ingenting; dreg på akslene.

Kaffikjelen kokar så det kvin inne på kjøkkenet.

Jonny går for å ta kjelen av plata. Han blir ståande og titte inn i stova med kjelen i handa.

Magnus rekkjer ut handa og stryk Tuva over kinnet.

Tuva trekkjer seg litt vekk. Magnus tek handa hennes; vil ha henne nermare. Tuva er motvillig. Ho løyser handa si, tek tak i skjortekragane hans og strammar grepet litt, det ser mest ut som ho vil by han på juling. Ho ser han i

augene, men slepp brått taket igjen og set seg i enden av sofaen.

Gunnar returnerer frå badet.

TUVA
Gå i seng no.

Gunnar ser på Jonny inne på kjøkkenet når han svarar.

GUNNAR
Eg får ikkje sove.

MAGNUS
Kom og sit oppe litt, davel.

TUVA
Han skal på skulen i morgon.

MAGNUS
Det er ikkje så seint?

Tuva igorerer Magnus. Reiser seg og går mot Gunnar.

TUVA
Kom deg i seng. Siste advarsel.

Gunnar bit tenne saman og går på rommet sitt.

Jonny går ut i stova.

JONNY
Trur eg går heim, eg.

Magnus nikar og er enig. Han følger Jonny ut; gir han eit klaps på skuldra på veg mot døra.

Jonny flirer; Han oppdagar at han framleis ber på kaffikjelen. Han gir kjelen til Magnus, dei nikkar farvel til kvarandre.

EXT. SMÅBRUK -- KVELD

Jonny er på veg inn i huset med spaden han vart slått ned med. Det størkna blod på tuppen.

Han stamøter Odvar, på veg ut, i døra.

Odvar kjenner at Jonny ber på spaden, og tek tak i han.

ODVAR

Der er spaden der, jo. Kva skal du med den?

JONNY

Ta vare på han.

ODVAR

Kvifor det?

JONNY

For det var den eg vart slått ned med. Bevismateriale. Fingeravtrykk.

Odvar fnys av det han høyrer, forsøker å få med seg spaden, men Jonny slepp ikkje.

ODVAR

Slepp, då!

Jonny slepp ikkje. Odvar røskar irritert i spaden.

ODVAR

Kom deg i traktoren no, så hjelper du meg å kalke jordet.

JONNY

Eg kan ikkje har doktoren sagt. Hjernerystelse.

ODVAR

Og då kan du ikkje kjøyre traktor ei gong?

JONNY

Niks.

Jonny vrir spaden rundt slik at Odvar må sleppe taket.

I basketaket veivar Odvar av seg brillene slik at dei dett på bakken, og når han prøvar å finne dei att, trør han på dei så dei knusest.

Odvar bannar høgt og skubbar Jonny bort; legg kursen mot traktoren.

Brita kjem ut på trappa for å sjå kva som er på ferde.

I bakgrunnen startar Odvar opp traktoren.

BRITA

Kan du ikkje hjelpe far din? Han ser jo knapt rattet på traktoren.

JONNY

Han er ikkje far min. Hjelp han sjølv.

BRITA

Eg kan ikkje kjøyre traktor.

JONNY

Så får du lære deg.

Brita svarar ikkje, men får eit forferda uttrykk i ansiktet; ser forbi Jonny.

Jonny snur seg og ser Odvar halde stø kurs mot saueinnhegninga med traktoren.

Brita spring hoiande etter traktoren og prøvar å avverge ei ulukke, men ho er for sein.

Traktoren brøytar seg veg gjennom gjerdet og humpar vidare medan vetskremde lam spring unna til alle kantar.

Når Odvar omsider får kustus på traktoren, har alle lamma så nær som eitt springi ut av innhegninga og bortetter jordet.

Jonny iler til og fangar den siste sauen i armene sine.

Odvar stoppar motoren på traktoren, konstaterer taust at dette ikkje gikk som planlagt, før han går inn i huset utan å seie noko.

Brita er opprørt over optrinnet.

Jonny strevar med å halde att lammet, han held det godt i ulla så det ikkje skal springe etter dei andre.

BRITA

Faen ta deg, Jonny. At du aldri kan lære.

Jonny slepp søya, som straks spring avgarde. Brita okkar seg; irritert.

INT. LENSMANNSHUSET -- KVELD

Kontoret til lensmannen er rotete. Han sit ved skrivebordet og skriv på maskin.

Jonny står framfor bordet og følger med.

Lensmannen er ferdig med å skrive, dreg arket ut av skrivemaskina, tek ein kopi på kopimaskona og gir denne til Jonny.

EXT. LENSMANNSHUSET -- KVELD

Lensmannen følger Jonny ut.

Utanfor står Jonnys sykkel, med spaden på bagasjebrettet.

Jonny rekkjer spaden ned mot lensmannen.

Han tek i mot med eit smil. Granskar blodrestene før han tittar opp på Jonny.

LENSMANN

Kva skal eg med den?

JONNY

Fingeravtrykk.

Lensmannen stikk spaden i ei dyngje med støypesand som ligg attmed trappa.

LENSMANN

Dette er ikkje ville vesten, Jonny. Du må ikkje bli fornerma av at eg ikkje gjer som du vil, men her må vi gå varsomt fram. Dette er eit skjørt, lite samfunn, og uansett kven som har gjort dette, er eg sikker på at det finst ein god grunn for det. Beklager, Jonny, men folk blir ikkje valdsmenn over natta. Det synest eg du skal tenke nøye på. Dette er som i medisinen. Vi må kurere sjukdommen, ikkje symptoma. Det er du som må komme til botnen i dette. Det skal eg hjelpe deg med, men eg gjer ikkje det ved å leike sheriffen i Toombstone.

Jonny gidd ikkje høyre meir av Lensmannens filosofi, berre viftar han av og går sin veg.

INT. ENGELEN PUB -- KVELD

Puben har eit nostalgisk preg og full stilforvirring; respatex, syreluta furu og ein Würlitzer jukebox som spelar falskt.

Bak disken står ENGELEN(50), ein kar som ser ut til å ha vori med på litt av kvart gjennom livet. Truleg greker; snakkar det lokale målet litt gebrokkent. Han gjer opp rekneskap i kassa.

HELENE(20), med musefletter og alt for små klede, tørkar av borda ute i lokalet.

Ho smiler vennleg til Jonny når han kjem inn, men stussar litt over hodepynten.

Jonny steller seg framfor disken.

JONNY

Hei, Engelen.

ENGELEN

Do skuldar pengar, Jonny.

JONNY

Har du sett nokre torpedoar her i det siste?

Engelen ser opp frå reknestykket og gjer store auge når han ser bandasjen.

ENGELEN

Men fan. Har do fått bombe i skallen eller?

JONNY

Ein øl.

ENGELEN

Du skuldar pengar, sa eg.

JONNY

Eg skuldar alle pengar. Kan eg få ein øl?

Engelen sukker og tappar opp ein halvliter.

Jonny får halvliteren sin.

Han set seg ved vindusbordet, tenner seg ein røyk. Helene er raskt på pletten med eit askebeget.

HELENE

Hei. Jeg heter Helene. Jeg er ny her.

JONNY

Ser det.

Jonny smiler til henne. Helene blir ståande; smilar attende.

HELENE

Har du blitt slått ned? Skikkelig hardt, mener jeg. For hvis du har det, vet jeg ikke om det er så lurt å drikke.

Jonny svarar ikkje. Virkar som han stussar på om han skal drikke eller ikkje. Helene dreg ut ein stol og set seg attmed han.

HELENE

Ikkesant, når man slår seg i hodet skikkelig hardt, så blir man gjerne litt svimmel, og når en drikker øl oppå det hele blir man bare enda svimlere, liksom. Har du vært til doktor forresten? Det er doktor her, er det ikke. Jo det må det da være. Dere blir vel syke her oppe også, så doktor må dere jo ha. Hva heter du forresten?

JONNY

Jonny.

HELENE

Hvem er det som har slått deg ned, da?

JONNY

Veit ikkje.

HELENE

Ikke bry deg om det, du.

Jonny ser på Helene, forstår ikkje heilt kva ho meiner.

HELENE

Du må bare late som ingenting. Være cool. Eller så får de det som de vil, ikkesant. Gå med rak rygg, som om ingenting har hendt. Det pleier i

hvertfall jeg å gjøre når noen er kjipe
mot meg.

Jonny ser på Helene att. Han klarar ikkje å la vere å le.
Helene ler med.

INT. SMÅBRUK -- MORGON

Det er tidleg morgon.

Jonny står på rommet sitt og kler seg. Han tek på fine
klede; rein bukse, kvit skjorte og blazer.

Nitidig erstattar han bandasjen med plasterlappar som han
forsøker å plassere så diskret som mogleg. Han rettar på
håret framfor spegelen til han er fornøyd.

Rommet ber preg av å ha vori gutterom i snart 30 år, og eit
massivt stereoanlegg samt hundrevis av cd- og lp-plater
dominerer inventaret.

Jonny blar gjennom nokre papir, sjekkar han har alt, før
han puttar bunken i ei fin dokumentveske og går ut.

EXT. SMÅBRUK -- MORGON

Når Jonny kjem ut, får han auge på Odvar som står som ei
saltstøtte midt på tunet. Også han er stasa opp i finklede.

I handa held han ein kartong-vin, og på bakken ved sidan av
han, står ein koffert.

BRITA

Han har stått slik i heile dag.

Brita sit på trappa med kaffikoppen sin og røyker; virkar
resignert.

Jonny ser ikkje ut til å forstå kva som er på ferde.

BRITA

No reiser han. Eg visste det. Han har
vori så rar i det siste.

Jonny flirer.

JONNY

Skal han på ferie?

Brita snufsar litt; ho er lei seg. Ser bedande på Jonny.

BRITA

Prøv å snakk til han du. Han høyrer
ikkje på meg.

Jonny ser alvoret og går bort til Odvar; stiller seg
framfor han.

JONNY

Skal du langt?

Odvar svarar ikkje.

Jonny ser mot mor si og slår ut med armane. Ho ropar til
han frå trappa.

BRITA

Herregud, Jonny. Ver litt mann for ei
gongs skuld. Ber han inn att, slå han
ned, berre gjer noko.

Jonny ser på Odvar som om han vurderer å gjere som Brita
seier. Odvar møter Jonnys blick på ein måte som seier at
her er det berre å skygge banen.

Jonny trekkjer seg unna, hentar dokumentveska si.

Han stoppar opp midt mellom Odvar og Brita og veg til og
frå før han bestemmer seg for å reise.

Han festar dokumentveska på bagasjebrettet på sykkelen sin
og trillar avgarde.

INT. BANK -- DAG

Jonny står utanfor kontordøra til banksjefen. Døra står
litt på gløtt og slepp ut lydar frå tidvis høgrøsta
diskusjon.

Jonny trekkjer pusten og stryk på plass håret med vante
rørsler før han bankar på.

Det blir stille, og banksjefen dukkar opp.

BANKSJEFEN

Der er du, ja. Vi snakka akkurat om
deg.

Banksjefen viser Jonny inn på kontoret.

Det står to stolar framfor skrivebordet til banksjefen.

I den eine sit Amundsen. Han rettar seg i stolen; nermast bles seg opp når Jonny kjem inn.

Jonny tek plass i stolen ved sidan av Amundsen.

Amundsen studerer Jonnys plasterlappar utan å seie noko.

BANKSJEFEN

Ja, ja. Jonny. Går det hardt for seg i makkenæringa om dagen?

JONNY

Nei. Det går bra.

Det er tydleg at både banksjefen og Amundsen er interesserte i å vite meir om Jonnys skrammer, men lar det ligge.

Jonny tek til å rote fram ein bunke papir frå veska som han har med seg.

BANKSJEFEN

Som du sikkert høyrde, har vi diskutert litt. Som bankens styreformann, vil Amundsen vere med på dette møtet her.

AMUNDSEN

(bryt inn)
Vi driv ikkje veldedighet, for å seie det enkelt.

Meir får han ikkje sagt, for no bankar det på og inn kjem Amundsens kone INGRID(60), fast og rund i både form og framtoning. Ho ber på ei nistepakke.

INGRID

Her, Herbrand. Du gløymde nista di.

Amundsen berre gryntar litt beklemt og legg matpakka bort så fort han får henne.

INGRID

Du er heimatt klokka fem seinast. Vi kan ikkje skulke korøvinga i dag.

Ho smilar til karane og går att.

Amundsen brukar litt tid på å bruse seg opp att.

AMUNDSEN

Ja. Problemet ditt, Jonny, er at det ikkje er meir å hente i sikkerhet på garden. Det er så mykje lån og heftelsar her at vi må ta ein grundig gjennomgang så fort som mogleg.

Banksjefen sukker oppgitt og ser på Amundsen. Ein augneblunk ser det ut til at dei skal ta opp att diskusjonen frå i stad.

BANKSJEFEN

Men du kan kanskje få eit slags investeringslån. Vi må berre justere beløpet ein del.

AMUNDSEN

Har du fått kundar enno?

JONNY

Ja. Mange.

Amundsen virkar eit augneblunk overraska.

Jonny legg opp papira bunkevis på pulten til banksjefen før han tek for seg bunke for bunke, forklarar og deler ut kopiar.

JONNY

Dette er ordrelister. Som de vil sjå, er prosjektet så og seie finansiert alt, berre med ordrar til sportsfiske. I tillegg kjem produksjon av kompostmakk... Dette er ein artikkel frå "Newsweek" som fortel om ein enorm marknad for akkurat dette. Ein trend som er på veg inn her også. Folk komposterer matavfallet sit i små dunkar under kjøkkenbenken sin, og opp desse dunkane, treng dei makk, min makk, så det går fortare. Dessutan kjem eg til å stå for import av nødvendig utstyr til nettop heimekompostering. Frå USA. Det einaste eg treng litt hjelp til no, er distribusjon. Ein bil.

Det kjem ikkje eit pip frå bankmennene når Jonny er ferdig med sitt vesle foredrag.

Banksjefen blar i artikkelen frå "Newsweek". Han ser nesten stolt ut over å kjenne Jonny.

Banksjefen tittar på Amundsen for å hente støtte, men han er oppteken med å fyre opp ein sigarillo.

Banksjefen geleider Jonny mot utgangsdøra med armen kameratsleg over skuldra hans.

BANKSJEFEN

Dette ser jo lovande ut, det.

JONNY

Når får eg pengane?

BANKSJEFEN

(kviskrar Jonny i øyret)

Vi må nok vente litt med lånet, men eg har ordna deg ein kassakreditt på førti tusen. Det er alt eg klarar for denne gong.

JONNY

Greit nok. Då set eg i gang kverna med det samme.

Banksjefen virkar tifreds med det han høyrer. Han klappar Jonny farvel på skuldra.

BANKSJEFEN

Stå på.

Banksjefen ser Jonny gå ut før han snur seg.

Amundsen tronar i lokalet. Han ristar litt på hovudet medan han sender ei røyksky i veret.

EXT. BANKEN -- DAG

Utanfor banken sit UFFE, bygdeoriginalen. Ein tilgrodd skapning; ser ut som ein gammal sjømann som nett er skylt i land.

Han sit i ein fluktstol og varmar seg i sola, omgitt av platposar og skrot. Han har fast tilhald framfor banken.

Jonny går først forbi, men stoppar og tenkjer seg om før han vender seg til Uffe,

JONNY

No, Uffe. Godt i sola i dag?

Uffe berre gryntar til svar.

JONNY

Eg kom til å tenke...Har du lyst på litt arbeid.

Uffe gryntar igjen; virkar ikkje veldig interessert.

JONNY

Svart sjølvsagt. Så du ikkje får kluss med trygda.

Uffe virkar brått litt interessert.

JONNY

Du får tenke på det. Kom oppom i morgon om du har tid og lyst.

Uffe nikkar og gryntar. Det virkar som han seier ja.

EXT. KIOSK/VERKSTED -- DAG

Jonny sparkar i dekk på ein Toyota HiAce, som ser ut til å sett betre dagar, strategisk plassert ved sidan av bensinstasjonen med "til sals" i ruta.

Jonny går rundt bilen og kikkar. Bak han går Paul.

PAUL

Sidan det er du, skal du få han for mykje meir enn det han er verdt.

Paul synest han sjølv er morosam.

JONNY

Kva skal du ha?

Paul dreg på det.

PAUL

Nei... med alt du skuldar frå før, inkludert at du er totalt upålitelig, seksti tusen.

JONNY

Tosk.

PAUL

Business er business, Jonny. Driv ikkje veldedighet.

JONNY

Ikkje du heller, nei.

PAUL

Seriøst. No har du sjansen til å bli kvitt litt gjeld.

Samtala stoppar, for no rullar ein strøken Volvo Duett frå sekstitalet inn til bensinpumpene.

Sjåføren går inn i butikken, og Paul følger etter for å ekspedere.

Jonny trekkjest mot den blankpolerte doningen; han går rundt og saumfarer bilen, tittar inni og konstareter at det er ein varebil. Perfekt oppussa.

Han kan ikkje dy seg, men må kjenne på lakken, som er så blank at ein kan spegle seg i han.

Sjåføren dukkar opp bak han.

Dette er RAGGE(ca 70), ser ut som John Wayne ville gjort om han kjøyrde Volvo. Han snakkar "døla-svensk" og et potetgull, høyrer dårleg og snakkar høgt.

RAGGE

Poteteguld. Rart namn. Poteteguld.

Han flirer medan han smakar på namnet.

JONNY

Fin bil.

RAGGE

Hæ?

JONNY

Fin bil!

RAGGE

Høgre!

Jonny hevar stemma så det monnar.

JONNY

Har du pussa han opp sjølv?

RAGGE
Självklart.

JONNY
Kan eg titte inni?

Jonny opnar bakdørene og vurderer storleiken på lasterommet.

RAGGE
Tycker du om henne?

Jonny nikar.

RAGGE
Jag vil bli av med henne. Hur mycke gir du?

Jonny må sjå på Ragge for å sjekke om han høyrer rett.

RAGGE
Femti tusen. Jag garanterar att hon e bra. Totalrenoverad.

Jonny forsøker å vere fornuftig.

JONNY
Eg treng eigntleg berre ein stor kassebil. Meir praktisk.

RAGGE
Hæ?

Jonny blir taus litt medan han tenkjer.

JONNY
Kva er vanleg pris for slike bilar?

RAGGE
Femti tusen e en ovanligt bra pris....førtifem. Jag fiksar papirarbetet.

Jonny sjekkar interiøret både foran og bak medan han tenkjer.

JONNY
Kva med deg då? Korleis kjem du deg vidare?

RAGGE

Kanskje jag inte skal vidare. Tenk inte på det.

JONNY

Førti tusen?

Ragge rekkjer for å avslutte handelen. Jonny klarar ikkje å motstå freistinga; dei handhelsar.

RAGGE

Det er bra. Man skal lyssna til hjärtat. Even om man kjøper bil.

INT. DUETT -- DAG

Jonny kjører i cruise-fart gjennom sentrum i den nye bilen sin.

Han smiler frå øyre til øyre og stryk over intriøret; nyt synet av det fine restaureringsarbeidet. Mobilen til Jonny ringer.

Han ser på displayet før han svarar.

JONNY

Hei, Tuva.

INT. DYREBUTIKK -- DAG

Ungane til ein egyptisk munnruger svømmer rundt framfor opphavet i eit akvarium. Det plingar og skramlar i inngangsdøra til butikken, og på eit blunk har fiskemor samla ungane sine i kjeften.

Det er Jonny som kjem inn. Butikken er liten, men fylt frå tak til golv med allslags dyr frå fisk til fugl.

Framfor kassa står ei gammal dame med ei pakke fuglefrø.

JONNY

Er det ingen i kassa?

Han går bak disken og ekspederer dama; dette har han gjort før.

Når kunden har gått ut, får Jonny auge på Gunnar som sit borti ein krok og kjelar med ein liten kanin.

Jonny vinkar gunnar til seg.

JONNY

Kom her, skal du få sjå noko.

Gunnar kjem motvillig bort til døra der Jonny står. Jonny peikar ut vindaugget.

Utanfor står Duetten.

JONNY

Fin?

Gunnar virkar ikkje imponert.

JONNY

Er det godt å ha pappa heime att?

Tuva kjem ut frå bakrommet. Ho opnar kassa og tek ut femtilapp som ho gir til Gunnar.

TUVA

Gå og kjøp deg ein softis eller noko godt hos bakaren, du.

Ho rufsar Gunnar moderleg i håret. Smiler til han.

Gunnar nølar lenge nok til at Tuva fører han mot døra.

Ho låser døra og snur seg mot Jonny når ho ser at sonen er på veg bort.

JONNY

Korleis står det til i heimen?

TUVA

Eg er gravid.

Jonny bleiknar så han nesten går i eitt med den kvite skjorta si.

TUVA

Eg er gravid. Og du er faren.

Jonny summer seg.

JONNY

Og dette er du sikker på?

Tuva smett bak disken, dukkar ned og rotar i ein skuff. Ho kjem opp att med ein neve graviditetstestar som ho legg ut

på disken framfor Jonny. Teller dei. Fem stykker, alle med blå strek.

TUVA

Fem hundre prosent sikker.

Jonny går rundt seg sjølv.

TUVA

Det er bra for Gunnar. Han treng nokon å vekse opp saman med. Det er for få ungar her. Han kan jo ikkje berre leike med kaninane heller.

JONNY

Skal du behalde det?

Tuva svarar ikkje, men tek til å rydde unna graviditetstestane.

JONNY

Kva med Magnus, da?

Tuva slår ut med armene.

TUVA

Ja, kva med Magnus? Han er ute og går. Heile tida. Frå morgon til kveld.

Jonny ristar på hovudet. Ser på Tuva. Ho er blank i augene. Slår ut med armene att.

Jonny går bort til henne og klemmer henne.

JONNY

Dette fiksar vi.

Tuva sukker.

JONNY

Dette fiksar vi. Vi må berre ta til å gjere dei rette tinga, så går det bra. Til slutt.

Tuva forsøker å smile til Jonny.

EXT. BRU -- DAG

Jonny støttar ryggen mot eit bruanker. Han sig sakte ned i sittande stilling medan han tenner seg ein røyk og tek eit djupt magadrag.

Duetten er parkert i vegkanten. Bak han renn elva.

Han blir sitande slik ei stund, med sigaretten i kjeften. Trekkjer djupe drag og bles røyken ut gjennom nasen som ein olm okse.

Brått høyrer eit lite "poff", og så er sigaretten borte.

Jonny skvett til litt og oppdagar den rykande sneipen eit par meter bortanfor seg.

Han strekkjer seg for å hente røyken, men då høyrer nok eit "poff" og Jonny rykkjer til seg armen av smerte.

Det blør frå eit lite hol på håndbaken. Jonny pirkar på såret. Det gjer tydeleg vondt, men det er noko inni det vesle såret som ikkje skal vere der. Jonny held fram med pirkinga til det dukkar fram ei lita luftgeverkule.

Jonny er raskt på føtene og ser seg om etter dekning.

Han blir liggande litt bak bruankeret og samle seg innan han tittar fram rundt hjørnet for å sjå om han ser attentatmannen.

Nok ei kule treff murpussen så det sprutar rett framfor nasen på Jonny, men Jonny gir seg ikkje. Han tittar kjapt fram og attende lenge nok til at han kan sjå det rører seg i småskogen eit stykke borte.

Jonny trekkjer seg attende og samlar seg til eit stormløp mot der han såg det rørte seg.

Med eit hyl, rasar han fram rundt hjørnet og brøyter seg veg inn gjennom småskogen. Han stoppar ikkje før han står på kanten av ei skråning som går bratt ned mot elva som går skumkvit og fossande nedanfor. Men ingen attentatmann er å sjå.

Jonny blir ståande musestille og sjå seg omkring medan han lyttar etter skritt i skogen. Då er det "poffet" høyrer igjen, og det er som om Jonny kan høyre kula nerme seg.

Denne gongen blir han truffe midt i skrittet.

Jonny knyter seg saman i smerte og tumlar omkull; mistar fotfestet og rasar ned skråninga ut i den ville elva.

INT. LEGEKONTORET -- DAG

Jonny ligg naken på undersøkelsesbenken med berre eit handklede over dei eldre delar. Han er oppskrubba og forslått.

Ved sidan av sit turnuskandidaten og forsøker å fiske ut kula på låret til Jonny

DOKTOREN

Arbeidsulykke dette også?

JONNY

På sett og vis.

DOKTOREN

Nå er jeg spent på hva du arbeider med.

JONNY

Makkeoppdrett. Meitemark.

Doktoren humrar for seg sjølv og rullar Jonny over på sida for å ta ut kula i baken.

DOKTOREN

Så de både slår og skyter disse meitemarkene, altså?

JONNY

Du skal ikkje sjå bort i frå det. Her kan alt skje.

DOKTOREN

Vet du, meitemark har faktisk omtrent halvparten så så mange gener som vi mennesker. Ikke verst det.

JONNY

Makken er heilt klart undervurdert. Rett og slett eit ideal. Alt dei gjer er å ete, drite og formeire seg utan å gjere noko vesen ut av seg. Heilt enkelt. Ingen krancling, ingen krav, berre fredleg, nøktern eksistens heilt for seg sjølv. Og deler du ein makk i to, så lev faen meg kvar del

ufortrødent vidare. Herregud som eg
skulle ønske eg var ein makk no!

Doktoren er for lengst ferdig med kula i baken.

DOKTOREN
Var det flere da?

Jonny kvier seg, men brettar til slutt til side handkledet
som dekkjer tissefanten.

Doktoren flirer.

Jonny tør ikkje sjå på når han plukkar ut kula, men det går
nokså fort og smertefritt; berre eit lite hyl.

EXT. SMÅBRUKET -- DAG

Odvar står framleis i tunet med vinen og kofferten når
Jonny kjem heim; han har ikkje rikka seg ein milimeter.

Brita sit på trappa og ser oppgit på han; nippar til eit
glas vin.

Jonny parkerer og går bort til Odvar.

JONNY
Har du tela fast, eller?

Brita ropar frå trappa.

BRITA
Det nyttar ikkje. han har bestemt seg.

Jonny set seg attmed mor si. Kleda hans er framleis våte
etter turen i elva.

BRITA
Du er klissvåt, jo. Kva har du drivi
med?

JONNY
Plumpa i elva.

Brita har ein lapp med nokre skriblerier på i handa.

Jonny tek lappen og ser kva som står: "fylkeskommunen" og
eit telefonnummer.

BRITA

Det er skrifta hans. Eg har ringt nummeret, men det svarar ikkje.

JONNY
Fylkeskommunen?

Brita fnys.

BRITA
Dårleg avledningsmanøver. Det er elskarinna hans.

Jonny flirer.

JONNY
Odvar? Elskerinne?

BRITA
Har skjønt det lenge, eg. Må på do.

Brita reiser seg og går inn.

Ikkje lenge etter, kjem ein bil kjøyrande opp mot småbruket; tutar såvidt nedi svingen.

Odvar strekkjer hals og plukkar opp kofferten sin.

Jonny reiser seg på trappa for å sjå betre.

Inni bilen sit ei blid og trinn lita dame.

Ho svingar opp framfor Odvar, som utan vidare tek pikkpaket sitt og set seg inn. Så kjøyrer bilen att.

Det heile går så fort at Jonny knapt rekk å skjone kva som foregår.

Brita kjem stormande ut frå huset.

BRITA
Drog han?

Jonny nikkar.

BRITA
Og så gjorde du ingenting? Såg du kven det var?

Jonny rekk ikkje svare, for Brita er alt på veg ut i tunet. Ho spring mot nermaste bil, Duetten, hoppar inn og kjører avgarde i rasande fart.

Jonny reagerer først når han oppdagar at ho tek bilen hans. Han spring etter, men gir fort opp.

JONNY

Ikkje Duetten, for svarte.

INT. SMÅBRUKET -- DAG

Jonny går gjennom tomme rom i det forlatte huset og endar opp på kjøkkenet.

Han sjekkar kjøleskåpet. Framleis tomt; berre ei grønmugga liten osteskorpe.

Dagens post ligg på bordet.

Jonny blar uinteressert gjennom bunken til han kjem til ein lapp med namnet sitt på; melding om pakke.

Jonny sjekkar raskt klokka før han stormar ut døra.

EXT. SMÅBRUKET -- DAG

Jonny sit i Britas bil og kinnar for harde livet, men han får ikkje start. Eit kraftig smell er alt som kjem, og no virkar ikkje tenninga ei gong.

Jonny gir til slutt opp og smeller til rattet med hendene.

EXT. POSTEN -- DAG

På baksida av postkontoret står to digre kasser som Jonny umogleg kan få med seg utan tilhenger eller liknande.

Han tek til å opne kassene med eit brekkjern.

Etterkvart som Jonny får opna kassene, kjem det til syne diverse metallkonstruksjonar; ein trommel av småruta gitter mm.

Jonny tek til å skru saman delane.

EXT. LENSMANNSHUSET -- DAG

Jonny kjem trillande på remediet som var i pakka. Trommelen er knytt til ein sveivemekanisme, og det heile er

festa i ei ramme med hjul på. For transport. Dette er tydelegvis ei slags sorteringssolde for makken.

Jonny nermar seg lensmannshuset.

Det står ein redningsbil borte ved byggetomta til lensmannen, og Frode er i gang med å strekkje ut nokre vaierar frå vinsjen på lasteplanet.

Jonny kjem til for å sjå kva som er på ferde,

Nede i byggetomta får han auge på Duetten, totalt smadra.

Lensmannen dukkar opp bak Jonny; klappar han på skuldra.

LENSMANN

Det gikk bra med mor di.

JONNY

Koss har dette gått til?

LENSMANN

Ho har alltid hatt problem med svingen her.

JONNY

Har du arrestert henne?

LENSMANN

Nei er du galen. Ho ligg på sjukehuset. Ingenting alvorleg. Knakk foten og litt småtteri.

Frode er i gang med å vinsje bilen opp av holet.

FRODE

Vi kan ta vrakpanten, vi. Avdrag på gjelda.

Jonny svarar ikkje, berre førlger md på bilen.

LENSMANN

Er ikkje det ein grei deal, da?

Jonny ristar på hovudet. Ha er bestemt.

JONNY

Eg skal reparere han.

Lensmannen blir tydeleg irritert og tek Jonny til side, nesten ristar han litt.

LENSMANN

Jonny. Sjå på meg.

Jonny ser på Lensmannen, litt overraska over temperamentet.

LENSMANN

Kva faen er det du driv med?

Jonny er svar skuldig.

LENSMANN

Kan du for ei gongs skuld klare å gjere noko riktig?

Jonny er like taus.

LENSMANN

Ta den idiotiske bilen der, for eksempel. Du driv makkeoppdrett, ikkje bilmuseum.

JONNY

Og du er lensmann, ikkje far min. Gjer jobben din du.

Jonny brettar opp ermet og syner fram eit av skuddsåra.

JONNY

Dette er kva du skal bry deg med, ikkje kva bil eg kjøper. Sjå her! Kva for tullingar er det som skyt på folk, da?

Lensmannen fattar interesse for skuddsåra.

LENSMANN

Luftgever? Seier du det, ja?

Lensmannen rynkar panna. Det ser ut som han kvernar på interessante teoriar.

JONNY

Ja, nettop. Gløym det. Eg skal faen meg kverke den jævelen. Får sjå kva du seier då.

EXT. LANDEVEG -- DAG

Jonny trillar vidare på sorteringsmonsteret langs vegen når han møter Helene, litt utanfor sentrum.

Ho tuslar på i vegkanten og plukkar blomar til ein ikkje heilt vellukka blomekrans. Ho blir glad når ho ser Jonny.

HELENE

Hei!

JONNY

Hei.

HELENE

Ute og...jobber?

JONNY

Ja.

HELENE

Hva jobber du med, egentlig?

Jonny dreg på det.

JONNY

Litt av kvart. Eller kanskje ingenting.

HELENE

Akkurat. Jeg trodde kanskje du drev med noe farlig, jeg. Siden du har slått hodet ditt, eller blitt slått i hodet, mener jeg.

Jonny flirar litt.

HELENE

Har du kjæreste? Unnskyld at jeg er så direkte, men det syns jeg man skal være. Ikke noe snikksnakk, liksom. Bare rett på sak. Sånn at man vet hvor man har folk. Det er så dritt når når folk ikke sier ting sånn de mener det og sånn. Det syns i hvertfall jeg. Ikkesant. Hvis man lurar på noe om noen, så skal man bare spørre. Ikke liksom drive på og late som om man ikke er interessert og sånn.

JONNY

Nei. Eg har vel ikkje det akkurat.

HELENE

Hva da?

JONNY

Kjæreste.

HELENE

Har du funnet ut mer om hvem som er ute etter deg, eller?

JONNY

Eg er ikkje sikker på om eg vil vite det lengre.

Helene merkar at Jonny ikkje er veldig interessert i å snakke om nettopp dette.

HELENE

Skal vi snakke om noe hyggeligere kanskje? Hvor bor du, for eksempel?

JONNY

Rett oppi her.

Han peikar ut retningen, og Helene kjem heilt inntil han for å sikte langs armen. Ho blir ståande lenge, som om ho ikkje finn ut kvar han peikar.

JONNY

Der...ser du? Den vesle garden der.

Helene nikkar smilande, men blir framleis ståande tett attmed Jonny.

HELENE

Bor du der alene?

EXT. SMÅBRUK -- ETTERMIDDAG

Jonny kjem med sorteringsmaskina opp mot bruket. Blomekransen Helene dreiv og fletta på, heng rundt halsen hans.

Samtala med Helene held fram.

Jonny set frå seg remediet bak fjøset. Plassen er tydelegvis gjort klar på forhand.

Jonny ser seg om før han går opp i tunet.

Duetten, eller det som er att av han, står midt på tunet.

Jonny forsøker forsiktig å opne døra på bilvraket, men ho sit fast.

HELENE (OFF)

Helt alene oppi der. Er ikke det litt stusselig, da?

JONNY (OFF)

Veit ikkje.

Han tek i litt meir, og resultatet blir at han riv av heile døra.

Jonny slepp døra og går mot huset.

HELENE (OFF)

Det høres litt deilig ut også, da. Å bo på gård, mener jeg. Koke seg kaffe om morgningen og gå barbeint ut i gresset og...mate dyra og...Men det er sånt man skal gjøre når man blir gammel det. Hva mener du med at du ikke vet om det er stusselig å bo der alene, egentlig?

INT. SMÅBRUKET -- ETTERMIDDAG

Jonny går gjennom tomme rom i huset. Han stoppar og lyttar, som for å høyre om nokon likevel skulle vere heime.

JONNY (OFF)

Fordi eg aldri har budd aleine før.

Jonny står med ansiktet inn i kjøleskåpet, nett slik Odvar gjorde. Osteskalen ligg der framleis.

JONNY

Hallo.

Han smell att kjøleskåpsdøra.

JONNY

Hallo...Odvar...Mamma
(avbryt seg sjølv, mumlar)
Nei eg kan ikkje begynne sånn...

EXT. SMÅBRUKET -- ETTERMIDDAG

Jonny står ved sorteringsmaskina som no er rigga opp og sett på plass bak fjøset. Han kastar inn nokre spadar kompostjord og tek til å snurre på trommelen.

Jord og makk tumlar omkring bortover i trommelen. Jorda dryss ut av nettingen og virvlar ned mot bakken.

Heilt i enden av trommelen blir ein passe neve med makk liggande, klar til pakking.

Jonny puttar makken i i ein liten plasboks, set på lokk og puttarg han i ei transportkassa.

Han vender så attende til trommelen spar inn fleire skuffer jord og sveivar. Han virkar tilfreds med at det funkar; smilar. Sveivar ivrig.

Han nesten småspring til enden når han skal hente makken. Puttar dei i plastboks på med lokk og bort i transportkassa. Den har no blitt full.

Jonny stryk bort litt jord før han set lokket på kassa og foreglar med eit stort klistremerke:

"Vang Markindustri ans. Fåvang"

Ein mexikanskinspirert melodi tek til å høyrest.

OPPE I TUNET:

Musikken held fram. Jonny kjem ut av huset med ei flaske sprit og eit drammeglas som han forsiktig fyller; ein liten knert.

Oppe i vindaugget på Jonnys rom, står stereoanlegget stabla opp; høgtalarane sender musikken ut over det vesle bruket.

Jonny skålar med seg sjølv.

Han tek så smått til å røre seg til musikken. Først berre noko som liknar dansesteg, men snart ser han ut som husmannsversjonen av John Travolta der han svingar seg i tunet.

Odvar dukkar opp bak Jonny. Han står først stille og ser på, men smått om sen tek han til å danse han også; dei glir inn i ein koreografi saman.

Fleire kjem til og dansar; Brita, Helene, Tuva, Magnus, banksjefen, Amundsen, uffe og lensmannen, og snart er tunet gjort om til ei stor dansescene.

EXT. SMÅBRUKET -- MORGON

Jonny sit i duetten og søv utpå morgonkvisten. Det er vermelding på radioen.

Ei hand kjem inn vindaugget og ristar liv i Jonny. Han skvett til, og er med eitt vaken.

Banksjefen og Amundsen tittar skeptiske inn til Jonny bak rattet.

Jonny kastar eit raskt blikk på seg sjølv i sladrespegelen før han går ut til karane. Det som er att av blomekransen dett av han.

AMUNDSEN

Høneblund?

JONNY

Ein liten ein.

AMUNDSEN

Og her står nyebilen? No skal det bli fart på distribusjonen, skjønar eg.

JONNY

Her går det så det susar.

Banksjefen har ei djup rynke i panna.

BANKSJEFEN

Dette var visst verre enn eg trudde, Jonny.

JONNY

Verre kan det vel alltid bli.

BANKSJEFEN

Vi skulle helst ha prata med mor di. Som vi sa, det er ein del lause trådar her.

AMUNDSEN

(bryt inn)

For å seie det enkelt: garden kjem til å leggast ut på tvangssalg.

JONNY

Jøss. Effektiv saksbehandling.

AMUNDSEN

Eg er berre realistisk. Vi gjer deg faktisk ein teneste. No kan du diskutere med mor di om det er så lurt at du tek over. De kan velge om det er du eller ho som skal gå konk.

JONNY

Jo, takk for omtanken. Møtet i går fekk deg ikkje til å tenke på at eg kanskje har mulighet til å ordne opp i dette?

AMUNDSEN

Faktisk ikkje. Du er litt på etterskudd, for å seie det slik. Dessutan har forretningane dine, om ein kan kalle det det, ingenting med garden å gjere. Formelt sett.

Jonny hissar seg opp.

JONNY

Det er nettopp det dei har.

Banksjefen skal til å seie seg enig, men Amundsen bryt inn.

AMUNDSEN

Dette har vi diskutert i styret. Eg skjønar ikkje kvifor du ikkje berre kan drive garden på vanleg vis, men. Det er klart, har du madrassen full av pengar, skal ikkje vi stoppe deg.

Han ser spørjande på banksjefen, som har gitt opp alle forsøk på å påvirke prosessen.

Banksjefen rotar i veska si og finn fram eit brev som han gir Jonny.

BANKSJEFEN

Du får gi dette til mor di. Vi skal behandle saka i styremøte på måndag. Beklager.

Bankkarane går. Jonny blir ståande og sjå etter dei. Det pip og rumlar kraftig i magen hans.

INT. SMÅBRUK -- DAG

Jonny hentar fram den mugne osteskalken frå kjøleskåpet, finn seg ein kniv og tek til å spikke av det grønne.

Til slutt står han att med ein liten terning som han lett tygg og svelger med eit jafs.

Han vart ikkje mett.

INT. SJUKEHUSET -- DAG

Jonny sit attmed sjukesenga til Brita på eit skinnande kvitt einerom. Sola fyller rommet. I handa har blomsterbuketten og brevet frå banken.

Ein mannleg sjukepleiar reier opp senga til Brita; hufsar med putene og steller rundt henne. Ho leitar etter blikkontakt med sjukepleiaren heile tida, ser ut til å sette pris på servicen.

Foten hennar er gipsa opp til lysken, og ho har nokre skrammer i panna.

Jonny fiklar med eit par pilleglas ho har ståande på nattbordet. Han vender seg til sjukepleiaren.

JONNY

Kva er dette?

SJUKEPLEIAREN

Sovetablettar.

JONNY

Og dette?

SJUKEPLEIAREN

Smertestillande.

Sjukepleiaren gjer seg ferdig; set fram eit glas friskt vatn til Brita og stryk henne fort over kinnet innan han smett ut.

JONNY

Koss går det?

BRITA

Dårleg, ser du vel.

Jonny nikkar og er enig.

JONNY

Kor lenge skal du vere her?

BRITA

Til eg døyr.

Det er stille mellom dei ei stund.

BRITA

Korleis det?

JONNY

Eg berre lurte.

BRITA

Har du fått heim sauene?

Jonny nikkar forsikrande.

JONNY

Jada.

BRITA

Og Odvar?

JONNY

Bortevekk.

Jonny fyller ein vase med vatn og steller blomane på nattbordet. Svak snufsing avslører at Brita gret.

Jonny seier ingen ting; set seg ved sidan av henne att.

BRITA

Eg trur ikkje eg fiksar dette eg,
Jonny.

JONNY

Vi klarar oss vi. Eg lovar deg. Med
makken. Eg har ei stor leveranse på
gang. Vi fiksar dette.

BRITA

Nei, vi gjer ikkje det. Ikkje eg i alle
fall. Om eg ikkje dauar av meg sjølv
her inne, får du gjere ende på meg.

Jonny flirer.

JONNY

Du døyr ikkje av beinbrudd.

BRITA

Nei men av vantrivsel. Akkurat som dyr
i fangenskap. Trivest dei ikkje,
gjøymmer dei seg og legg seg ned for å
døy...eg vil ha aktiv dødshjelp, Jonny.

Jonny ler og ser på mor si for å sjekke om ho tullar eller
ikkje. Det ser ikkje slik ut.

JONNY

Det er straffbart.

BRITA

Det kan det vel ikkje vere. Det
bestemmer no eg sjølv. Litt må ein då
få lov til å rå over sitt ege liv?

Jonny gir sovepillene til Brita og fyller glaset med vatn.

JONNY

Ta desse, no. Så får du kvilt deg litt.

Medan Brita svelger ned pillene, riv Jonny i stykker brevet
frå banken og kastar det i søplekorga atmed senga. Brita
klappar Jonny på kinnet som takk for pillene, smiler til
han.

BRITA

Du får få nokon til å hjelpe deg.

Brita legg seg over på sida og ser ut til å sovne tvert.
Jonny pirkar til seg ein tomatbåt og ein persillekvast som
ligg att etter britas frokost på nattbordet.

EXT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- DAG

Jonny står utanfor huset til Tuva og Magnus. Han kikkar opp
mot kjøkkenvindaugget som står på gløtt.

Innanfor er Magnus i gang med å lage mat; han har forkle på
magen.

Jonny tek eitt steg attende trekkjer pusten og stryk håret
på plass, slik han gjorde i banken. Han merkar ikkje at
Tuva dukkar opp rundt hushjørnet.

TUVA

Hei, Jonny.

Jonny skvett til såpass at Tuva ikkje kan la vere å le.
Jonny tek til å gå. Tuva hentar han inn og stoppar han.

TUVA

Kva er det? Har det hendt noko?

JONNY

Nei, ikkje stort egentlig. Du er
gravid, muttern har kræsja bilen, kassa
er tom og banken skal ta garden.

Han har ein klump i halsen som han forsøker å svelge ned.

TUVA

Kva er det du seier?

JONNY

Garden skal på tvangssalg. Eg er konk.

Ho klemmer han. Jonny nølar litt, men legg hodet på skuldra
hennar. Dei står litt.

TUVA

Skal banken selge garden?

Jonny fnys.

JONNY

Dei trur det i hvertfall. Men det skal
dei jaggu få problem med.

Frå kjøkkenet kjem kraftig romestrering som får Tuva til å
okke seg.

TUVA

No driv han med noko meksikansk. Han
har vaska heile huset. Alt er shina.
Trur til og med han har bona
kjøkkengolvvet. Klesvasken og...Eg
skjønar ingen ting, eg.

JONNY

(avbryt)
Klagar du?

TUVA

Han seier ingen ting, jo?

JONNY

Gå inn og et, du.

Tuva ser ut som eit spørsmålsteikn. Gunnar kjem frå skulen med sekk på ryggen. Han ignorerer begge og går rett inn.

JONNY

Jo. Gå inn til mannen din. Gå inn til familien din.

TUVA

Jonny, da. Vil du bli med inn og ete litt?

JONNY

Nei. Eg har nettop eti. Eg klarar meg sjølv.

Han marsjerar avgarde. Tuva ropar etter han.

TUVA

Jonny?

Jonny held fram med å gå.

EXT. BENSINSTASJON -- DAG

Paul og Frode er i gang med å dytte ein bil inn i servicehallen når Jonny kjem.

Jonny får med seg Paul bort til varebilen som var til sals.

Han leitar litt etter orda når han framfører erendet sitt.

JONNY

Du, Paul...eg lurte på...har du fått kjøpar på denne kjerra her?

Paul kosar seg over Jonnys famlande framferd. Han et på ein diger sjokolade; pratar med munnen full.

PAUL

Tja. Koss det. Skulle ikkje du fikse duetten?

JONNY

Du vil ikkje låne han bort litt, eg meiner leige han ut. Du skal få pengane med ei gong. Så fort eg har levert varene.

PAUL

Koffor skulle eg det?

JONNY

Nei eg må levere eit parti med makk.
Tenkte kanskje eg kunne be deg om ein
teneste. Til eg får fiksa duetten.

PAUL

Tja...eg har aldri leigd ut bilar før.
Kor mykje burde eg ta for det?

Jonny verar eit lite håp.

JONNY

Nei, eit par hundre i døgnet. Pluss
litt for kilometrane. Høyrest ikkje det
greit ut?

Paul nikkar.

PAUL

Jo. Det er vel ein rimeleg pris, det.

JONNY

Ja?

Paul latar som han tenkjer seg om lenge nok til at Jonny
blir rastlaus.

PAUL

Eg trur eg held meg til den gamle
dealen, eg.

Jonny ser ikkje ut som han trur heilt på på kva Paul seier.

PAUL

Seksti lappar for tort og svie, så er
kjerra di. Og så set vi strek. Eller du
kan gjere opp gjelda separat. Før det
skjer, trur eg ikkje vi har
forretningar å snakke om.

JONNY

Då fiksar eg heller duetten.

PAUL

Sa du ikkje nettop at du ikkje ville
rekke det?

JONNY

Det har eg aldri sagt.

PAUL

Vil du låne klinkesettet mitt?

Paul smett inn på servicehallen og kjem kjapt ut at med ein bitteliten klinkehammar og eit lodd. Han morar seg.

PAUL

Denne er fin til småbulkene, veit du.

Jonny studerer den vesle hammaren før han brått hevar han til slag; som om han vil kakke han i skallen på Paul.

Paul skvett så av utfallet at han, i refleks, rykkjer seg unna med hendene over hovudet.

Jonny flirer, slepp frå seg hammaren og går.

EXT. SMÅBRUKET -- DAG

Eine framskjermen til duetten ligg på hoggestabben og blir hamra på av Jonny.

Han brukar slegge; går grovt til verks.

I ein ring rundt bilen, ligg det meste av lause delar fråskrudd, alt plassert i sirleg orden. Det er tydleg at Jonny meiner alvor med prosjektet, og at han veit koss han skal gå fram.

Han jobbar så sveitten renn, og på kort tid er skjermen overraskande lik sin opprinnelege form.

Jonny tek ikkje pause, men set straks i gang med å gi den andre skjermen same behandling.

Uffe dukkar opp bak han utan at Jonny legg merke til det. Han ser ikkje lengre ut som nokon stranda sjømann; han har nyvaska både kropp og klede. I handa har han eit par arbeidshanskar. Heilt tydleg klar for å gjere ein arbeidsinnsats.

Uffe kremtar, og Jonny skvett. Han hiv seg rundt som om han ventar eit nytt attentatforsøk.

Uffe skvett også av Jonnys reaksjon.

UFFE

Kjem eg ubeleilig?

Jonny får summa seg.

JONNY

Neida. Heilt perfekt.

Jonny fører Uffe med seg bak fjøset.

Sorteringsmaskina står og ventar.

Jonny finn fram transportkassene, store og små. Han illustrerer raskt medan han forklarar Uffe prodedyra.

JONNY

Dette er enkelt. Du tek berre jord frå komposten i trommelen, sveivar til det berre er makk att, puttar makken i dei små boksane, med ei klype jord, og så puttar du småboksane i dei store og stablar her borte.

Uffe nikkar. Han har forstått; virkar nesten letta over at det ikkje var verre. Han set i gang med arbeidet med ei gong.

Jonny går attende opp i tunet.

Magnus sit på eine framskjermen på Duetten og røyker.

Jonny stoppar opp framfor han. Magnus byr på ein sigarett. Jonny tek i mot og tenner opp med eigen lighter. Han tek eit djupt drag og ser på Magnus.

JONNY

Skal vi ta ein tur på puben?

INT. ENGELEN PUB -- KVELD

Magnus hevar glaset.

MAGNUS

Skål

JONNY

Skål, ja.

Dei drikk.

MAGNUS

Kva er det du har rota deg opp i no, Jonny?

Jonny ser på Magnus.

Han skal akkurat til å prate, men får ikkje fullført, for no kjem Paul og Frode skrålande inn i lokalet, gode og fulle; ser ut til å ville ha det moro.

Frode puttar nokre sangar på jukeboxen.

Paul slengjer seg ned attmed Jonny.

PAUL

Jasså Jonny. Du er i live enno.

Frode set seg ved sidan av Magnus. Først no ser Paul kven som sit saman med Jonny

PAUL

Magnus, og!

Magnus handhelsar med Paul og Frode.

PAUL

Har du slutta på anlegget, eller har du fått sparken?

Magnus flirer såvidt.

FRODE

Det var jævlig til stemning her i kveld! Skål, då karar.

Karane skålar. Paul ser på Jonny. Smilar. Tek til å nynne på ei barneregle.

FRODE

Hei. Jonny?

(kjem på barneregle)

Hei. Jeg heter Jonny. Jeg har kone og fire barn. Jeg jobber på en knappefabrikk.

Paul stemmer i. Sangen inneber også bestemte rørsler som karane tydlegvis har inne.

PAUL

En dag kom sjefen inn til meg og sa: Jonny. Har du det travelt, og jeg sa nei. Så vri på dette hjulet med din venstre hånd.

Dei tek til på nytt vers med "høyre hånd", vrikking på rumpa osb. Paul nyt synet av Jonny og Magnus som tydleg ikkje set pris på danseregla.

Magnus set ein brå stoppar for det heile; skvettar ølen sin på Paul med eit plask. Det blir dørgende stille.

Helene kjem bort. Vender seg til Jonny og Magnus.

HELENE

Bli det fest i kveld?

Paul tek henne rundt hoftene og dreg henne ned på fanget sitt. Ho ser ikkje serleg bekvem ut der ho sit. Paul ser på Magnus. Held blikket.

Helene prøvar å reise seg, men Paul berre festar grepet om henne.

PAUL

Du må passe deg for Jonny skjønner du. Pular alt han kjem over. Folk og fe. Det er derfor han er så dårleg som bonde. Alle sauene er redde for han. "Ånei, bæææ, der kjem Jonny. Spring elles blir vi rævpulte", sier sauene her i bygda. Berre høyr etter.

Frode ler.

Helene forsøker meir iherdig å vri seg unna.

MAGNUS

Slepp henne.

PAUL

Når vart du så edel? Du får hjelpe henne, då veit du. Ei jomfru i nød, Magnus. Kom igjen, da!

Paul slepp Helene. Han slepp ikkje bkikket til Magnus.

PAUL

Han knullar kona di og, veit du. Men det bryr deg vel ikkje?

MAGNUS

Er du misunneleg, eller?

Jonny skuver stolen sin attende; vil at Magnus skal oversjå Paul.

JONNY

Drit i han, Magnus. Vi går.

Magnus vil ikkje høyre på Jonny.

PAUL

De byttar berre på litt, kanskje. Litt trekant. Hø? Ho derre Tuva trur eg faen meg er med på det meste. Skikkeleg dobbeltnulling der i gården.

Magnus tar ølen til Paul og tømmer over i sitt glas.

Paul sprett på føtene og flyg på Magnus så dei trillar bortetter golvet.

Jonny reiser seg, men Frode prøvar å hindre han i å gripe inn.

Jonny snurrar rundt og gir Frode eit kne i skrittet så han segnar om.

Deretter får Jonny tak på Paul og dreg han med seg ut.

EXT. ENGELEN PUB -- KVELD

Med eit par kjappe kilevinkar blir Paul roa ned nok til at Jonny får med seg Magnus

Paul står att og ropar etter dei medan Frode kjem ut.

PAUL

Jada. Berre gå de! Slik, ja. Fortsett å gå, så skal eg la vere å lage frikase av dykk.

Jonny og Magnus går.

EXT. BRU -- NATT

Magnus lener seg til bruankeret og kjenner på nasen sin. Han er litt hoven, og ei tynn blodstripe har funne vegen ned på overleppa. Han tørkar seg med handbaken.

Jonny står nede i grøfta og pissar.

MAGNUS

Det er ein ting eg lurar på, Jonny. Då vi var små, kunne vi pisse så langt vi ville. Men no er jo faen så vidt du har trykk nok til å pisse bortanfor skotuppene dine.

Jonny gjer seg ferdig nede i grøfta og kjem opp til Magnus. Han synest ikkje han er morosam.

JONNY

Kor lenge har du visst om meg og Tuva?

MAGNUS

Heile tida.

JONNY

At ho er gravid og?

Magnus nikkar.

JONNY

Eg tenkte meg det. Og likevel har du ikkje løfta ein finger!

MAGNUS

Ikkje så lett det når eg jobba på anlegget. Men no er eg heime att i hvertfall.

JONNY

Ja, ikkje sant. Og då skal alt liksom vere som før?

MAGNUS

Det har no du sørja for at det ikkje er.

JONNY

Du kunne vel for svarte ha sagt eller gjort noko litt før! Så hadde det ikkje kommi så langt. Kva er det du har drivi med, egentlig? Knulla anleggskokka og så har ho dumpa deg? Då er det kjekt å ha ein familie å komme heim til.

MAGNUS

Det har ingen ting med det å gjere.

JONNY

Jo, det har det. Og veit du kva eg trur? Eg trur framleis det er du som står bak både spaden og luftgeværet. Du er akkurat feig nok til det. Du er ein jævla feiging. Berre no i stad. Du er mykje større og sterkare enn eg, men det er alltid eg som har tatt slåsskampane dine.

Jonny går målbevisst frå Magnus. Magnus følger ikkje etter.

INT. SMÅBRUK -- MORGON

Jonny ligg i senga si med kleda på. Han vaknar av at det bankar og hamrar på metall ute i tunet.

EXT. SMÅBRUKET -- MORGON

Jonny kjem ut på trammen; myser mot morgonsola.

Bankinga kjem frå Magnus, som har tatt opp arbeidet med Duetten etter Jonny. Han står og rettar bulkar.

Jonny ristar på skallen når han går bort til Magnus.

MAGNUS

Sovi godt?

JONNY

Kva er det du driv med?

MAGNUS

Fiksar bilen din.

JONNY

Det klarar eg sjølv.

MAGNUS

Det veit eg. Men to reparatørar er betre enn ingen reparatørar.

JONNY

Eg treng ikkje hjelp.

MAGNUS

Det var synd. Eg treng jo alibi, så då tenkte eg å halde meg nær deg heile tida. Slik at eg kjem utanfor mistanke...og så er eg kasta ut av Tuva.

JONNY
Stakkars deg.

Magnus svarar ikkje.

Jonny tek hammaren frå Magnus og tek til å arbeide på bilen med ryggen til. Magnus står ei lita stund og ser på Jonny som arbeider. Så går han.

Jonny hamrar laus på bilen; tømmer seg for agresjon.

Han kikkar så over skuldra og ser ryggen til Magnus på veg bort. Jonny sukkar, slepp hammaren og rettar seg.

Han bestemmer seg for å gå etter Magnus; nesten spring, men ombestemmer seg. Han vender seg mot duetten att. Nok ei gong hiv han seg rundt og vil etter Magnus, men no krasjar han nesten med Uffe.

Jonny skvett skikkeleg.

Uffe har jord på kleda og ser sliten ut. Det ser ut som han har jobba heile natta.

UFFE
Eg er ferdig.

Jonny vender seg mot han; fekk ikkje med seg kva han sa.

UFFE
Eg er ferdig.

BAK FJØSET:

Jonny står mållaus og ser på arbeidet Uffe har gjort unna.

Det står stabla kasse på kasse med ferdigsortert makk, jorda er lagt attende i kompostkassene og alt er reingjort; ein proff kunne ikkje gjort det betre.

JONNY
Har du tatt alt?

Uffe nikkar.

JONNY
Du må jo ha jobba i heile natt.

Uffe nikkar igjen.

UFFE

Eg let det vere att nokre makkar i kvar kasse. Slik at dei kan formeire seg.

Jonny smilar og ristar på hovudet. Med eitt tek han hovudet til Uffe mellom hendene og kyssar han på panna.

JONNY

Uffe? Vi to skal klare å få til den beste makkefarmen i heile landet.

OPPE I TUNET ATT:

Jonny jobbar så sveitten renn med å få ferdig Duetten. Han har kommi langt, bilen tek til å ligne seg sjølv att.

Ved hjelp av traktoren har han fått heisa bilen i veret, for å komme betre til.

Den vesle bilen til "fylkeskommunen" svingar inn på tunet.

Odvar og "Fylkeskommunen" stig ut.

Odvar helsar på Jonny med eit nikk før han går inn i huset.

"Fylkeskommunen" kjem smilande mot Jonny for å helse på.

FYLKESKOMMUNEN

Er det du som er Jonny.

Jonny nikkar.

FYLKESKOMMUNEN

Agnes heiter eg. Hyggeleg å møte deg.

JONNY

Jonny.

Dei handhelsar, men så finn ingen på noko å seie meir; blir ståande spente og vente på at Odvar skal komme ut att.

FYLKESKOMMUNEN

Han ville vist berre hente nokre av tinga sine.

JONNY

Har du kjent han lenge?

FYLKESKOMMUNEN

Sidan folkeskulen. Vi gikk i same klasse.

JONNY

Var de kjærestar den gongen også?

FYLKESKOMMUNEN

Ja.

JONNY

Men så vart det slutt?

Agnes nikkar.

JONNY

Betyr det at du har venta på Odvar heilt til no?

FYLKESKOMMUNEN

På sett og vis.

Odvar kjem ut att med litt pikkpakk i ein pappask.

ha kjem bort til Jonny.

ODVAR

Resten kan du kaste eller gi bort, eller kva du vil.

JONNY

OK.

ODVAR

Har du fått heim sauene?

JONNY

Nei.

ODVAR

Om du ikkje finn dei att, får du seie frå, så skal eg gjere opp for det.

JONNY

Greit.

ODVAR

Så var det traktoren. Den har eg seld til Amundsen. Han kjem nok og hentar han ein dag.

JONNY

Amundsen?

ODVAR

Ja. Han ringte her ein dagen. Det er jo best at han kjøper garden, no som det blir tvangssal likevel. Fin tilleggsjord for han dette.

Jonny er mållaus.

Odvar rekkjer fram handa mot Jonny; kremtar medan han finn orda.

ODVAR

Takk for no. Vi sjåast vel att ei gong.

EXT. AMUNDSSENS GARD -- KVELD

Jonny traskar med målbevisste skritt oppover mot eit staseleg gardsbruk.

Ein jålete portal med "Amundsen" på fortel kven som bur der.

Akkurat i det Jonny kjem inn på tunet, møter han Amundsen. I bil, på veg ut.

Amundsen helsar på Jonny, men stoppar ikkje.

Jonny reagerer for seint til å stille seg i vegen for bilen. I staden spring han etter nokre steg, men Amundsen forsvinn i ei støvsky nedover vegen.

Jonny spenner i grusen og bannar for seg sjølv.

INGRID (OFF)

Hallo! Jonny?

Jonny snur seg.

På trappa står Amundsens kone, Ingrid. Ho vinkar til Jonny.

INGRID

Han skulle i eit møte. Vil du komme inn litt?

Jonny bless i nasen.

INT. AMUNDSSENS GARD -- KVELD

Jonny sit ved eit bognande matbord i spisestova.

INGRID

Eg skulle akkurat til å rydde av, men
kanskje du vil ha litt å ete?

Spisestova til Amundsen er reine gildesalen.

Dampande mat står på bordet, og store kandelaberar kastar
lys over furuveggane og damasken.

På veggane heng fotografi og anna biletkunst side om side.

Over skjenken heng eit stort brudebilde av Amundsen og
Ingrid. Han hadde pondus og autoritet den gongen også.

Jonny lessar godt nedpå av maten. Ingrid skjenkar i vin til
han.

INGRID

Han Herbrand er i møter støtt for tida.
No hadde han ikkje tid til å ete ei
gong.

Jonny har munnen full av mat.

JONNY

Ja, han er vel travel om dagen.

INGRID

Uff, ja.

Ho blir tankefull.

INGRID

Eg høyrer det ikkje går så bra nede hos
dykk lengre.

JONNY

Det kan du trygt si.

INGRID

Du skulle kommi til meg med ei gong,
veit du. Eg kunne ha prata med han, eg.
Han høyrer på meg, skjønar du.

Ho skjenkar meir vin til Jonny; virkar oppriktig bekymra
for han.

Jonny er alt ferdig med maten.

Ingrid er raskt i gang med å servere kaffi og konjakk av finaste merke.

INGRID

Dette er høgtidskonjakken til Herbrand, men vi tek oss ein knert, vi. Det har du fortent.

Dei skålar, og Jonny styrtar heile glaset i ein slurk.

Ingrid berre smilar og skjenkar i meir. Stryk Jonny over kinnet.

INGRID

Det er ikkje noko moro når det ender slik.

JONNY

Eg klarar meg alltid. Det kan alltid bli verre.

Ingrid smiler.

INGRID

Du er ein god gut, du, Jonny. Det går nok bra med deg til slutt. Ikkje la deg knekke.

EXT. SMÅBRUKET -- NATT

Jonny tuslar rundt i tunet med ei halvfull flaske sprit i handa.

Han stoppar litt framfor Duetten, som snart er ferdig.

JONNY

No, gamle Duett. I morgon skal vi kjøyre makk. Er du klar for det?

Jonny traskar vidare ned bak fjøset.

Han stoppar med eit rykk når han ser kva som har skjedd.

Alle makkekassene ligg velta og jord og kompost ligg strøydd utover.

Leskuret er ramponert, det same gjeld transport-kassene.

Vilt kaos; gjerningsmannen har gått grundig til verks.

INT. ENGELEN PUB -- NATT

Det er ein del gjester på puben, musikken surrar og røyken siv gjennom lokalet.

Paul og Frode sit ved vindusbordet att og vippar med hovuda, klare til å ta kvelden.

Helene forsøker å gjere joben sin utan å måtte ta turen bortom plassen der Paul og Frode sit.

Jonny kjem inn, målretta.

Han steller seg midt på golvet og viftar med ei hagle. Han er full no.

Reaksjonen blandt gjestene let ikkje vente på seg. Dei trekkjer seg unna, samtalene stilnar av.

JONNY

Er det nokon slemme born her i kveld?
Hæ? er det nokon som vil ta meg? Kom
igjen då, feigingar? her er eg.

Jonny svingar rundt med børseløpet; ser om nokon melder seg.

JONNY

Hei! Paul! Må ikkje sove no! Eg kan
komme til å skyte deg.

Jonny rettar børsa mot Paul og går mot han, men Paul er for sløv til å få med seg at han er truga på livet.

Helene ser sitt snitt til å kaste seg fram og rive frå han børsa.

Jonny blir heilt perpleks av manøveren.

JONNY

Helene? Gi deg då. Du er på mitt lag,
du. Få børsa!

Meir får ikkje jonny sagt før ein dump lyd høyrest og det svartnar for han; han segnar om på golvet.

Bak han står Engelen med ei vinflaske i handa.

Han ser unnskyldande på Helene og trekkjer på skuldrane.

INT. FYLLERARREST -- DAG

Jonny ligg godt innpakka under ei dyne og søv.

Han vaknar av at det raslar i nøklar, døra inn til fyllearresten går opp, og der står Lensmannen med eit frokostbrett.

Jonny skjønar tydelegvis ikkje kvar han er. Lensmannen set brettet med kaffi og frokostmat framfor Jonny.

Han ser seg rundt. Fyllearresten har eit heimekoseleg preg; duk på bordet, gardiner, og gitteret framfor vindaugget tener som klatrestativ for ei lita vinranke.

LENSMANN

Har du sovi godt?

JONNY

Eg søv aldri godt lengre.

Lensmannen byr fram brettet.

Jonny tek ein brødblings og kaffikoppen. Han slurpar litt på kaffien, for han er varm. Så tek han ein bit av skiva. Tygg.

JONNY

Er eg arrestert, no?

LENSMANN

Ja. Korleis det?

Jonny tygg i seg ein bit til av brødskiva.

JONNY

For kor lenge då?

LENSMANN

Nei, du kan no gå no. Men du får no få i deg litt mat først.

Jonny et og drikk.

JONNY

Eg blir her.

LENSMANN

Ja, men det er fint. Så har eg hjelp i byggearbeidet.

JONNY

Seriøst. Eg vil ikkje ut der meir.

Lensmannen granskar Jonny. Jonny møter blikket og held det; han meiner alvor.

JONNY

Eg tullar ikkje no, altså. Du får faen meg ta til å gjere jobben din. Så skal eg sitte her i mens.

LENSMANN

Gi deg, no.

Jonny hoppar attende på sengebriskan. Han set seg heilt inne i hjørnet og dreg knea oppunder seg.

Lensmannen reiser seg.

LENSMANN

Du kan ikkje bli her. Punktum.

JONNY

Eg trur det er du som står bak, eg. Men no er det stopp. Dette hadde du ikkje rekna med, hæ? At eg plutseleg skulle finne på å bli her. Passar det dårleg inn i planane dine, eller?

Lensmannen tek til å dra i Jonny for å få han ut. Jonny kjempar i mot, men Lenmannen kan politknep.

JONNY

Eg skal vedde på at du veit kven det er. Kom igjen, skal vi vedde?

LENSMANN

Det gidd eg ikkje.

JONNY

Du kan ikkje. For du veit du vil tape. Du beskyttar jævelen.

Lensmannen tvingar Jonny med seg mot døra.

Jonny får tak med føtene og spenner frå mot karmen så begge rasar attende innover i rommet.

Jonny reiser seg fort, men Lensmannen blir liggande.

Jonny rettar på kleda.

JONNY

Okei. Eg skal gå. Då får du ha det.
Takk for ingenting. Du får kose deg med
å gruble på kven som har så jævlig god
grunn til å gå amok i buskene her.

Jonny smeller att celledøra etter seg og låser.

Lensmannen stormar fram, men døra er låst. Jonny opnar
inspeksjonsluka og tittar inn.

JONNY

Det står litt mat til deg på bordet.
Kos deg.

Luka går att med eit smell. Lensmannen ropar noko innafrå,
men Jonny høyrer ikkje etter.

EXT. SMÅBRUKET -- DAG

Jonny traskar opp mot småbruket. Han sakkar farten når han
får auge på ein liten skikkelse som kjem han i møte oppe
frå tunet, dragande på noko tungt.

Jonny stussar og går mot tunet for å sjå betre. Den vesle
skikkelsen syner seg å vere Gunnar. Han dreg på ei diger
øks.

Jonny går han i møte til dei stoppar opp framfor kvarandre.

Gunnar er gravalvorleg og mutt. Han er sveitt etter å ha
drege på den store øksa.

JONNY

No, Gunnar. Har du begynt i skogen?

Gunnar svarar ikkje, berre løftar øksa, ho er så tung at
han må ta i alt han greier. Likevel får han høgde nok til å
lange ut eit hogg mot Jonny.

Jonny skjønar ikkje heilt kva som er på ferde, og det er
såvidt han klarar å vri seg unna hogget.

Men Gunnar gir seg ikkje. Han løftar på ny øksa og langar
ut eit nytt hogg etter Jonny. Denne gongen treff han Jonny
på leggen så buksa revnar og det tek til å renne blod frå
ei flenge under kneet.

Jonny tenner og går til motåtak.

Han riv øksa frå den vesle tassen og kastar henne bort før han gir Gunnar ein øyrefik så det smell.

JONNY

Kva faen er det du driv med? Skjønar du
ikkje at dette kan vere farleg!

Gunnar svarar ikkje, så Jonny ristar han enno meir.

JONNY

Svar då, din vesle jævel. Er du heilt
dum, eller?

Gunnar er like taus, sjølv om gråten til å presse seg fram.
Han svelger og prøvar å vere kar medan Jonny hundsar han.

Jonny skjønar brått samanhengen; slepp Gunnar og trekkjer
seg frå han.

JONNY

Det var du heile tida!

Gunnar er taus.

JONNY

Har du, din vesle jævel, klart å stelle
i stand så mykje fuss?

Gunnar ser ikkje på Jonny; svelger og nikkar mutt.

Jonny blir ståande og riste på skallen. Det er stille
mellom dei ei stund.

Jonny hentar øksa og steller seg framfor Gunnar att.

JONNY

Er du klar over kva du driv med?

Gunnar møter omsider blikket til Jonny, han er stålfast i
augene.

GUNNAR

Ligg unna mamma!

JONNY

Mamma? Trur du verkeleg det hjelper?

Gunnar nikkar.

JONNY

Men, Gunnar. Eg har ingen ting med mamma å gjere meir. Ser du ikkje at det er like ille mellom mor og far din for det?

Gunnar ristar på hovudet.

JONNY

Eg lovar deg, Gunnar. Eg kjem til å reise bort no. Og blir borte. Men viss du trur at då blir alt bra igjen, tek du desverre feil, guten min. Ingenting blir bra att på den plassen her. Det blir berre verre.

Jonny kastar frå seg øksa att og går inn i huset.

INT. SMÅBRUKET -- DAG

Jonny rotar fram ein bag frå klesskåpet på rommet sitt og hiv oppi nokre underbukser og andre klesplagg som han finn i rotet.

Han stussar ein augneblunk på om han skal ta med seg nokre av cd-ane sine, men lar det vere.

INT. BIL -- DAG

Jonny bannar for seg sjølv medan han slenger bagen med kledda inn i bilen og set seg bak rattet.

Han lyttar godt etter koss motoren går når han kinnar han i gang. Duetten startar på første sviva og Jonny pustar ut; verkar letta.

Han ser garden forsvinne i sladrespegelen når han kjører nedover vegen.

EXT. LANDEVEG -- ETTERMIDDAG

Jonny tek av frå grusvegen og set fart bortover riksvegen.

INT. DUETT -- KVELD

Jonny har knapt fått slått på radioen før han oppdagar ei jente som står med ein stor bag og haikar i vegkanten

Jonny kjører først forbi, men stoppar når han ser kven det er; Helene.

Ho blir litt overraska over at det er Jonny som kjem kjøyrande, men hoppar inn likevel.

HELENE

Jøss, skal du på tur. Jeg hadde fått inntrykk av at du likte deg best hjemme jeg. Men så feil kan man ta. Man skal ikke skue hunden på hårene. Hvor skal du? Jeg skal til Oslo.

JONNY

Ja, men då kan vi vel kjøyre til Oslo, då.

HELENE

Herlig. Så slipper jeg å kjøre med fremmede. Det er så ekkelt. vanskelig å finne noe å prate om.

EXT. LANDEVEG -- ETTERMIDDAG

Den samanlappa duetten får fart nedover dalen og blir borte over horisonten.

HELENE (OFF)

Har du noe sted å bo i byen? Skal du besøke noen, kanskje?

JONNY (OFF)

Veit ikkje. Kan eg ikkje besøke deg, da?

HELENE (OFF)

Meg? Jo det hadde vært koselig det. Jeg skal bo hos søsteren min, men det går sikkert greit det. Hun skal ha barn forresten, så hun er på sykehuset, så da går det jo bra. Til hun kommer hjem i hvertfall. Hvor lenge blir du?

INT. BIL -- KVELD

Bilen kjøyrer gjennom ein småby, betydleg større enn Jonnys heimlass. Jonny tar av sentrumsgata og kjøyrer opp mot noko som åpenbart er eit sjukehus.

Han stoppar framfor inngangen.

JONNY

Kan du vente her to minutt? Eg skal berre seie hadet til mor mi.

Helene nikkar.

HELENE

Ta den tiden du trenger, du.

INT. SJUKEHUSET -- KVELD

Jonny hastar gjennom sjukehuskorridoren og smett inn døra til rommet der Brita ligg.

Sjukepleiaren sprett opp frå senga til Brita som ei stålfjør når han høyrer det går i døra; han blir så perpleks at han ikkje får sagt eit ord.

Han rettar litt på kledene og bukkar seg unnskuldande ut av rommet. Håret hans er rufsete, og rundt munnen har det festa seg litt av Britas lepestift.

Jonny flirer.

Brita rettar seg opp i senga og ordnar på dyna. Ho set opp ei mine som om ingenting har hendt.

BRITA

Kva er det?

JONNY

Nei, eg synest berre det er litt komisk.

Brita hissar seg opp.

BRITA

Eg har mine behov eg og, om du ikkje veit det. Dessutan er Fritjof den einaste mannen eg har møtt som verkeleg forstår meg. Men berre le du. Eg bryr meg ikkje lengre.

Jonny legg spøk til side.

JONNY

Ikkje eg heller.

Brita skjønar ikkje kva han siktar til.

JONNY

Du hadde rett. Vi fiksar ikkje dette.
Eg tenkte berre eg skulle seie hadet.

BRITA

Hadet? Kvar skal du?

Jonny dreg på akslene.

JONNY

Veit ikkje. Veit berre at her gidd eg
ikkje vere lengre.

Han bøyer seg ned og kyssar mor si på panna, ser henne inn
i augene.

JONNY

Håpar du får det bra med Fritjof. Eg
gir lyd frå meg så fort eg er
installert ein eller annan plass.

BRITA

Men Jonny, då...kva skal eg gjere her
utan deg?

JONNY

(avbryt)

Det går bra. Eller betre. Det kjem til
å gå betre her utan meg.

Jonny blunkar til mor si og går. Brita sit att i senga,
skjelv litt i underleppa.

INT. DUETT -- KVELD

Bilen er på fart mot sentrale trakter; landskapet har flata
ut rundt dei.

Jonny og Helene slit med å få i seg nokre tørre baguettar
og litt kaffi.

Helene pratar meir enn ho et.

HELENE

Du skjønner, jeg måtte bare dra i hui
og hast. Ikke for at jeg ikke likte
jobben, eller no sånt, men det var jo
bare midlertidig. Så skal søstra mi få
barn. Det vil jeg få med meg. Ikkesant
være med på fødselen. Jeg skal jo ha
barn en gang i tiden jeg også. Og da er

det like greit å vite litt hva man går til. Så jeg slutta. Og så er det jo tross alt familien. Søstra mi. Jeg skal bli tante. Tante Helene. Tenk på det, da! Jeg, tante!

Helene merkar at ho er i ferd med å prate høl i hovudet på Jonny.

Ho pirkar borti armen hans for å få litt merksemd.

HELENE

Hva med deg, da, Jonny. Fortell litt mer om deg selv. Vi skal jo tross alt være litt sammen nå. Vi har jo liksom blitt litt kjent, men jeg vet jo ingenting om deg. Bortsett fra det jeg har hørt fra andre. Men det skal man ikke alltid tro på. Fortell litt da!

JONNY

Om kva då?

HELENE

Om deg selv, vel. Hvorfor er moren din på sykehus, for eksempel. Prøver du å være mystisk og hemmelighets-full, eller?. Jeg vet mer om deg enn du tror, skjønner du. Men jeg vil høre din versjon, ikkesant. Familien din. Vennene dine. Hvorfor skal du til Oslo, egentlig? Jeg trodde han derre Magnus var bestisen din, jeg. Er han ikke det da? Du og han Magnus og så en som heter Tuva? Har hørt at dere liksom bare er "the perfect match", jeg. Du skal ikke reise fra dem, skal du det?

Jonny tenkjer seg om medan han drikk kaffi. Ei rørsle i baksetet får han til å kikke i sladrespegelen. Han set kaffien i halsen så det kjem ut av både nase og munn. Hostar felt.

Jonny bråbremsar bilen og får svinga inn på ei veglomme; den same plassen som Magnus stroppa og snudde på tidlegare.

Jonny snur seg. I baksetet sit Gunnar utan å seie eit ord.

JONNY

Kva gjer du her?

Helene snur seg og slepp ut eit lite hyl av forskrekkelse.

GUNNAR

Eg vi reise bort eg òg.

JONNY

Men du kan ikkje berrre reise slik. Kva med dei heime? Dei blir redde for deg.

GUNNAR

Du sa sjølv at dei er det ingen greie på lenger. Eg vil ikkje bu der lenger viss det ikkje blir betre. Då dreg eg heller til byen.

Jonny ser på Gunnar. Han er blank i augene og tygg med kjevane.

JONNY

Og kva har du tenkt å gjere i byen?

Gunnar dreg på akslene.

GUNNAR

Det er masse å finne på i byen.
Masse...

EXT. FJELLOVERGANG -- KVELD

Duetten til Jonny vingar rundt og snur; kjører attende.

Helene står att på veglomma med kofferten ved sidan av seg. Ser langt etter bilen som forsvinn.

JONNY (OFF)

Ta på deg sikkerhetbeltet.

INT. DUETT -- KVELD

Jonny svingar bilen inn framfor huset til Tuva og Magnus.

Han kikkar bort på Gunnar; augene deira møtest. Gunnar nikkar til Jonny og løyser seg frå sikkerhetsbeltet før han opnar døra og smett ut.

EXT. TUVA OG MAGNUS` HUS -- KVELD

Tuva kjem småspringende ut, kjem Gunnar i møte. Omfavnar han og klemmer han hardt inntil seg.

Ho kikkar over skuldra på sonen, bort på Jonny som sit i bilen.

Dei ser på kvarandre ei stund før Jonny set fart på bilen og kjører bort. Tuva ser etter dei raude baklyktene som forsvinn.

INT. LENSMANNSHUSET -- NATT

Jonny Låser opp celledøra til fyllearresten.

Lensmannen ligg på sengebrusken og dør. Han er raskt på føtene når Jonny kjem inn.

LENSMANN

Endeleg. Kvar har du vori?

JONNY

Rundt omkring.

Utan forvarsel, fikar Lensmannen til Jonny på kinnet med flat hand så det smell.

JONNY

Au!

Lensmannen gir Jonny eit par kjappe til på kinna, samt ein god trøkk i magen.

Jonny krøkjer seg.

LENSMANN

Sjå på det som botsøvingar.

JONNY

Er vi skulls snart no?

Lensmannen går ut av cella; svarar ikkje.

Jonny følger etter.

JONNY

Sorry for at du måtte sone litt, men mysteriet er oppklart.

Lensmannen snur seg og ser på Jonny.

LENSMANN

Det hadde du ikkje venta?

JONNY

Ikkje på den måten, nei.

Lensmannen fører Jonny mot utgangsdøra, er ikkje i selskapshumør. Han opnar døra og skubbar Jonny ut.

EXT. SMÅBRUK -- KVELD

Jonny parkerer Duetten i tunet og stig ut av bilen. Han trekkjer pusten og snusar inn lufta som om han har vori lenge borte. Strekkjer seg.

Jonny blir merksam på at det lyser frå vindauga oppe i hytta.

EXT. HYTTA -- KVELD

Jonny nermar seg hytta i skogbrynet. Sakte.

Han tvilar ei stund på om han skal gå inn, så han kikkar forsiktig på glaset først.

Innanfor kan han sjå Magnus som ligg og ser i taket.

Ei oljelampe står på nattbordet og flakkar.

Jonny bankar stille på døra

MAGNUS (OFF)

Kom inn.

INT. HYTTA -- NATT

Magnus set seg opp når Jonny kjem inn. Han virkar ikkje overraska over å sjå Jonnny.

Jonny ryddar seg ein plass på golvet og set seg. Ingen av dei seier noko; dei unngår å sjå på kvarandre.

JONNY

God seng?

MAGNUS

Ja, koss det?

Jonny tek ei god pause før han held fram; studerer Magnus.

JONNY

Det var her vi gjorde det.

Magnus latar som han ikkje høyrer.

MAGNUS

Fin hytte. Skulle kanskje leigd henne ut.

JONNY

Kveld etter kveld var vi her. Og så låg vi saman. Medan du sleit på anlegget.

Magnus er like uanfekta av kva Jonny seier.

JONNY

Her har eg og Tuva knulla så det rista i veggane. Her har kona di liggi og stønna og stått i. Våt og villig. Og no ligg du her. Koss kjennest det?

Magnus er med eitt ute av senga.

Han kastar ser over Jonny, og sjølv om Jonny verkar budd på angrepet, kjem han fort på defensiven; han kjempar mot, men det hjelper liksom ikkje.

Magnus tek tak i Jonny, heisar han opp og hiv seg på han. Dei rasar gjennom rommet og dundrar tvers gjennom hytteveggen så plankebitane flaksar

EXT. HYTTE -- NATT

Magnus har framleis tak i skjortekragane til Jonny, han dreg han heilt inntil ansiktet sitt. Heilt roleg.

MAGNUS

Skal eg fortelje deg ei historie ,
Jonny?

Jonny ser redd ut; vil ikkje høyre historia. Han fektar seg laus frå Magnus og legg på sprang ned mot småbruket.

Magnus etter. Han når att Jonny og får spent krok på han så stakkaren super framover og rullar nedover småskogen.

Magnus tek tak i Jonny og vil halde han, men Jonny får slått seg laus att. Ferda held fram nedover.

Jonny kjem seg nesten inn på tunet før Magnus når han att. No er Jonny meir budd. Han bråstoppar og smeller til Magnus med skuldra, som ei slags ishockytakling. Magnus rullar bakover, men er straks på føtene att. Ingenting bit på han.

Jonny held seg på avstand få Magnus; tør ikkje vende han ryggen meir.

MAGNUS

Veit du, alle seier det er betre å angre på noko ein har gjort enn å angre på alt ein ikkje har gjort. Det er berre busllshit.

Magnus nermar seg Jonny. Jonny ryggar.

MAGNUS

Ei gong eg skulle heim frå anlegget, kom basen og lurte på om eg kunne gjere han ei teneste. Eg hadde akkurat pakka bilen, men tenkte eg skulle vere grei, så eg sa ja. Alt eg skulle gjere, var å få start på ein gammal kompressor. Dei skulle bore fjell, men kompressoren måtte gå ei stund for å å trykk. Det var ein gammal holk. Med reimdrift. Fire fem svære band etterkvarandre. Eg fekk no start på monsteret til slutt.

Jonny merkar ikkje at han ryggar rett i gjerderestene som ligg og sleng i tunet. Han hektar foten i og vnglar bakover.

Han forsøker å gjenvinne balansen samstundes som han vil halde seg unna Magnus.

Men Magnus er lei av tullet. Han innhentar Jonny og dei tumlar nedover mot huset.

Magnus overmannar Jonny nok ei gong, men no slepp han ikkje. Han får klemt Jonny fast opp mot ein forsvans som står bortanfor inngangen til huset.

Han klemmer Jonny så hardt inn mot forsvansen at han ikkje får lea ein muskel.

MAGNUS

Kopmpressoren starta greit. I mellomtida hadde eg ingenting å gjere, så eg gikk no berre der og pirka. Varmt

var det òg. Slutten av Juli. Eg gikk berre i shorts. Eg veit da faen kvifor eg skulle finne på det, men eg tok i alle fall til å krafse bort grus frå vegen. Medan eg venta på trykk. Med ei lita krafse. Det var jo heilt idiotisk. Dei hadde jo skuffa bort og gjort klart med bulldoser, og så kjem eg dinglande med ei lita krafse... Men i alle fall. Der driv eg då og krafsar, og treskeverket står og går. Eg kan enno høyre koss det berre susar i det forbanna reimverket bak meg. Så hadde eg liksom fått laga meg ein liten haug med grus då, som eg skulle få ut av vegen.

Jonny prøvar å vri på seg for i det minst å komme seg i ein betre stilling, men Magnus strammar berre grepet.

MAGNUS

Høyr no....Så eg kjøyrer like godt heile ræva opp i drivverket. Det var akkurat som i sakte film. Først kjenner eg at shortsene strammar rundt livet. Ikkje berre litt, men jævlig hardt. På ein måte krefter eg aldri har kjent før. Men det gjer så jævlig vondt. Det første eg tenkjer er at det er strikken på shortsene som strammar rundt magen, men så kjem den derre jævla kvalmeliknade kjensla som ein får når ein slår ballanne sine, sant. Og så blir eg berre kasta rundt i lufta. Vips. Alt dette på berre eit tidels sekund...

Magnus klemmer heile tida Jonny hardare fast, og no er det såvidt hyan får puste. Jonny gjer eit siste desperat forsøk på å fri seg frå klemma. Han legg skallen bakover så langt det går og kyler ein springskalle i nasen på Magnus. Eit tørt smell.

Magnus let att augene, men slepp ikkje taket. Blodet tek til å renne frå nasen hans.

Han opnar augene att. Ser på Jonny. Tårene renn.

MAGNUS

...så kjem eg til meg sjølv liggande på bakken. Shortsen er borte, eller den surrar rundt og rundt på drivverket som ei slags vifte. Men så ser eg nermare, og der heng jo faen meg heile stellet mitt og sleng.

Motstanden i Jonnys kropp er borte, så Magnus løysnar grepet. Begge sig saman og ender på rygg ved sidan av kvarandre.

Dei blir liggande slik å sjå opp mot himmelen.

MAGNUS

Det var den manndomen. Eg vart ikkje heilt den same etter det. Trudde ikkje eg skulle reagere så sterkt, men.

Dei legg ikkje merke til Tuva som sit på trammen med knea trekt oppunder seg. Ho ser ut som ho er i sjokk.

MAGNUS (OFF)

...alt vart liksom så meiningslaust...komme heim og fortelje det til Tuva, og...

JONNY (OFF)

Har du ikkje fortalt dette Tuva?

MAGNUS

Nei. Eg har prøvd heile tida. Medan eg låg på sjukhuset ringte eg heim kvar veke. Eg prøvde å fortelje det, men det vart til at eg i staden lata som eg var på anlegget. At det var så jævla travelt at eg ikkje kunne komme heim. Eg banka til og med med blomstevasen på bekkenet så ho skulle tru eg jobba heile tida.

Tuva sit urørleg medan tårene trillar ned over kinna hennar.

MAGNUS

Men alt har sin pris.

Jonny skottar bort på han.

MAGNUS

Særleg vitale kroppsdelar.

JONNY

Fekk du pengar? På grunn av ulkukka?

MAGNUS

Erstatning.

JONNY

Kor mykje?

MAGNUS

Nok til å kjøpe garden din, for eksempel.

JONNY

Køddar du?

MAGNUS

Nei, hadde eg enno kunne gjere det.

Magnus ler såvidt av sin eign spøk.

MAGNUS

Eg har tenkt litt på det. Eg synest vi skal flytte inn her alle tre. No som vi skal ha barn med kvarandre alle saman. Om det er greit for deg, då?

Jonny tygg på tanken. Eit smil veks i ansiktet hans.

JONNY

Om det er greit for meg? Sjølv sagt er det greit for meg. Eg elsker deg, Magnus.

Magnus flirer.

JONNY

Er Tuva med på dette, trur du?

Eit snufs frå trammen avslører Tuva. Både Jonny og Magnus set seg opp.

Tuva søker Magnus` blikk.

Han reiser seg og går bort til henne; tek handa hennes. Ho hiv seg rundt halsen hans, klemmer seg inntil og strigret. Magnus klemmer hene så hardt at ho løftest frå bakken.

Tuva møter Jonnys blikk.

Ho er raud rundt augene, våt i ansiktet. Dei ser litt på kvarandre før Tuva grev ansiktet ned i halsgropa til Magnus att.

Jonny tek handa til Tuva og skal til å legge armen rundt Magnus når han med eitt blir merksam på at det brenn oppi skogbrynet, tjukk røyk stig opp; hytta brenn.

Jonny legg på sprang oppover.

EXT. HYTTA -- MORGON

Jonny spring over jordet mot skogbrynet.

Flammane har fått godt tak i treverket på hytta.

Jonny får auge på Gunnar, som står litt på avstand og betraktar det heile.

Jonny sakkar farten og ender opp ved sidan av Gunnar.

Dei seier ikkje stort til kvarandre; Gunnar gir Jonny ein fyrstikkeske han står og held på.

Flammane er så kraftige at dei må trekkje seg litt unna.

JONNY

Denne hytta bygde eg saman med mor og
far din då vi var på alder med deg.

Gunnar nikkar; han veit det.

GUNNAR

Eg likar ikkje denne hytta.

JONNY

Det er greit det.

Gunnar ser opp på Jonny.

Dei nikkar til kvarandre; det ser ut som om dei er enige om eitt eller anna.

Jonny rufsar Gunnar i håret og legg armen om skuldrane hans.

Dei tek til å gå mot garden saman medan hytta brenn opp bak dei.

JONNY

Du kan bygge deg ei hytte sjølv, du.

GUNNAR

Har gjort det.

JONNY

Kvar då?

GUNNAR

Det seier eg ikkje.

Jonny og Gunnar går ned mot småbruket.

Tuva og Magnus kjem dei i møte. Dei smiler.

Jonny, Tuva, Magnus og Gunnar ruslar nedover mot småbruket. Sola er på veg opp, og ein og annan fugl kvitrar i ei og annan buske.

Magnus legg armen rundt Tuva. Gunnar tek handa til Jonny.

JONNY (V.O.)

Ingenting blir som forventa, og alt er ikkje som ein trur. Sjølv om den dagen alt ordnar seg aldri kjem, opplever ein innimellom at ein har tatt eit steg i riktig retning. Eit steg nermare dagen langt der framme. Då skal ein ikkje tenke så mykje, sjølv om ein ikkje heilt skjønar kva som har skjedd. Berre kjenne. La intuisjonen fortelje ein at dette er rett. Nyte at ein har fotfeste og konsentrere seg om dei viktige tinga som finst her og no. Det er det livet handlar om. Det er ikkje så komplisert. Berre komplekst.

SLUTT.